

Vang kommune

- vilt og vakkert

Årsmelding 2022

<https://www.vang.kommune.no/>



Innhald

1	Innleiing	4
2	Føreord	4
3	Årsberetning 2022 jf. Kommunelova.....	5
3.1	Handlingsreglar - finansielle mål	11
3.2	Finans - lånegjeld	11
3.3	Internkontroll.....	12
3.4	Etisk Standard	12
3.5	Likestilling og likebehandling.....	13
3.6	HMS og Sjukefråvær.....	14
4	Befolkningsutvikling per grunnkrets.....	15
5	Sentrale politiske og adm organ	16
5.1.1	Beskriving av etaten	16
5.1.2	Status økonomi	16
5.1.3	Kommentar til status økonomi.....	16
5.1.4	Kostranalyse	16
5.1.5	Politiske og adm styringsorgan.....	17
6	Utdanning og Kultur.....	18
6.1	Status økonomi	18
6.1.1	Kommentar til status økonomi.....	18
6.1.2	KOSTRA Nøkkeltal	19
6.2	Kommunalsjef Utdanning og Kultur	20
6.3	Vang barne- og ungdomsskule	21
6.4	Barnehager	22
6.4.1	Høre barnehage.....	23
6.4.2	Fredheim barnehage	23
6.5	Vang Kulturskule	24
6.6	Vang Folkebibliotek.....	24
6.6.1	Kino.....	25
6.6.2	Ungdomsarbeid.....	25
6.6.3	Kunstutvalet	25
6.6.4	Den kulturelle skulesekken	25
6.7	Vang læringscenter.....	26
6.7.1	Bufellesskapet Gullringen.....	27
6.8	Frivilligsentralen.....	27
7	Helse og Omsorg	28
7.1	Beskriving av etaten	28
7.1.1	Overordna mål	28
7.1.2	Viktige hendingar.....	29
7.1.3	Kommentar til status økonomi.....	31
7.1.4	KOSTRA Nøkkeltal	31
7.2	Kommunalsjef HO	32
7.3	Helseavdeling	33
7.4	Vang legekantor.....	39
7.5	NAV og barnevern.....	41

7.6	Vangsheimen og heimetenesta.....	42
7.7	Tilrettelagte tenester.....	45
8	Landbruk og Teknisk	48
8.1	Beskriving av etaten.....	48
8.1.1	Overordna mål.....	48
8.1.2	Hovudoppgåver som etataten har gjennomført i 2022.....	48
8.1.3	Status økonomi.....	48
8.1.4	Kommentar til status økonomi.....	49
8.1.5	KOSTRA Nøkkeltal.....	49
8.2	Kommunalsjef Landbruk Teknisk.....	49
8.3	Plan , oppmåling, kart og byggesak.....	50
8.4	Drift kommunale anlegg.....	52
8.5	Bustadfelt og tomter.....	53
8.6	Vatn og Avløp.....	53
8.7	Landbruk.....	54
9	Finans –og kraftforvaltning	57
9.1	Finans	57
9.1.1	KOSTRA Nøkkeltal.....	58
9.2	Kraftforvaltning.....	58
10	Forskriftsskjemaer og noter til årsrekneskap 2022	61

1 Innleiing

Årsmeldinga for Vang kommune gjer greie for viktige forhold kring kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, og om den økonomiske utviklinga er berekraftig over tid.

Årsmeldinga gjev vidare ein oversikt over iverksette og planlagde tiltak for å sikre ein høg etisk standard og forsvarleg kontroll i verksemda.

Tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen vert vist fram, og det skal gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringslova.

Forskriftsskjemaer knytt til årsrekneskapen for 2022 med noter inngår i kapitel 10 årsmeldinga .

2 Føreord

Nok eit år er lagt bak oss, og det er tid for å sjå tilbake på 2022 og rapportere til våre folkevalde og innbyggjarar korleis drift og utvikling i kommunen har vore det siste året. Eg vil her summere opp nokre av dei viktigaste hendingane og utviklingstrekk som har vore med og prega året 2022 i Vang kommune.

Krigen i Ukraina har sjølvsagt hatt verknad også i Vang. Urolege marknader med prisauke på energi, drivstoff, byggevarer, matvarer og råvarer til både næringsliv, landbruk og hushaldningar har vore krevjande. Flyktningmottaket som vart lagt ned på nyåret i 2022 vart raskt gjenopna som akuttmottak for ukrainske flyktningar, og fekk seinare ny kontrakt for vidare drift som ordinært flyktningmottak. Dette har hatt stor verknad på kommunen, både lokalsamfunnet, tenesteområda innan helse og omsorg, utdanning og kultur. Busettingane av ukrainarar har skapt både arbeidskraft og arbeidsplassar, og har våre med å gje befolkningstalet ei positiv utvikling det siste året.

Arbeidet med vidareutvikling av Tyin Filefjell og oppfølging av kommunedelplanen er godt i gang. Den svært uheldige situasjonen som oppstod kring kapasiteten ved Tyinkrysset reinseanlegg satt ein midlertidig stopp for byggjeaktiviteten. Det har vore jobba aktivt gjennom siste halvdel av 2022 for å finne løysingar som vil opne opp for noko meir utbygging og samstundes gjere drifta meir stabil og ressurseffektiv.

Framdrifta på fleire av våre eigne bygg- og anleggsprosjekt har ikkje vore i tråd med forventningar og plan. Det er fleire grunnar til dette, men problematikk kring Skutshorn og avtalar om tilgang på grunn er noko av forklaringa. Det som er positivt er at graving av vatn og avlaup i Grindaheim er godt i gang, som igjen skapar framdrift for private bustadprosjekt. At ombygginga av kommunehuset ikkje er starta opp er uheldig, men ikkje noko me som kommune rår over.

Situasjonen med ustabil fjellparti og flaumfare ved Skutshødn har vore ressurskrevjande for deler av kommunen, og satt ein stoppar for fleire prosjekt og planar. Kommuneleiinga har tatt dette på høgste alvor, henta inn erfaringar, fått tilsett ny beredskapskoordinator og lagt ein plan for det vidare beredskapsarbeidet i lag med statsforvaltar, NVE, politiet og andre aktørar.

Gledeleg var det også at Hugaviktunnelen gjennom Kvamskleiva vart opna i november. Med utbetring av strekningen Turnes – Øye og sørover mot Tveit og Kvismo har E16 gjennom Vang no gjennomgåande høg standard. Opninga av tunnelen vart feira med taler, bandklipping og konsert i Vangshallen, til glede for store og små.

Historisk høge straumprisar gjer at årsresultatet til kommunen også er historisk godt. Det er samstundes viktig å sjå på dette med eit nyansert blikk. Den kommunale drifta har nokre avvik som er forklart i årsmeldinga. Den langsiktige forvaltninga av kommunen sine kraftinntekter er avgjerande for korleis me vil møte dei store utfordringane og moglegheitene som kjem i tida framover.

3 Årsberetning 2022 jf. Kommunelova

Alle kommunar skal utarbeide årsmelding, jamfør kommunelova § 14-7. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentarar til budsjettavvik knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen. Formannskapet innstiller til kommunestyrevedtak om årsrekneskap og årsmelding, og kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret før vedtak vert fatta. Årsmelding med årsrekneskap vert behandla i Formannskapet 27.april 2023 og i kommunestyret 11.mai 2023.

Økonomiske nøkkeltal

Samanlikninga med andre kommunar og tidlegara års kostrarapprttering og gjennomsnittet i Innlandskommunane viser at Vang kommune har relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Dette er i hovudsak grunna kraftinntekter, mellom anna konsesjonsavgifter. Historiske rekneskapstal over tid viser at Vang kommune har hatt relativt høgt kostnadsnivå innan drift på enkelte tenesteområde. Kommunen har vore merksam på at konsesjonsavgiftene som kommunen får inn kan bidra til langsiktig trend med mykje høgare utgifter enn ordinære inntekter.

Årsrekneskapen for 2022 viser eitt sers godt økonomisk resultat på grunn av samanfallande hendingar på inntektssida. Netto driftsresultat for 2022 vart på 50.301.078 kr mot 40.756.642 kr for 2021 mot 4.771.197 kr i 2020.

Netto driftsresultat for 2022 utgjør henholdsvis 16% for 2022 - 15% for 2021 og 4,2% for 2020 av brutto driftsinntekter.

Kommentarar til budsjettavvik

Generelt er årsrekneskapen for 2022 prega vesentlege meirinntekter innan kraftforvaltninga, skatteinntekter (ref skatteutjamning bokført saman med rammetilskotet og tilskott knytt til flyktningeordninga .

Nedanfor følger kommentarar til vesentlege budsjettavvik pr etat.

Politiske organ

Samla sett viser rekneskapen for 2022 utgifter på 3.163.640 kr (3.209.787 kr i 2021) relatert til politiske organ inkl kontroll og revisjon samt overføring til Valdres Næring og Kulturpark. Samla mindreutgift på området er 382.957 kr som fordeler seg med 255.555 kr for politiske organ og 127.402 kr relatert til revisjon etc i forholdet til budsjettet for 2022.

Kommunedirektøren og stab – fellestenester

Rekneskapsområdet for stab og kommunedirektøren med samla utgifter på 14.191.633 kr i 2022 som er på same nivå som 2021 .

Året 2022 innan stab-administrasjon munna ut meirutgift på 437.135 kr som i hovudsak skuldast høgare utgifter til lisensar, avgifter og IKTutgifter enn førsett. Mindreutgifter innan politiske organ på 382.957 kr skuldast i hovudsak mindreutgifter til pensjon og godtgjeringar til folkevalde enn budsjettet.

1 Sentrale politiske og adm organ	Regnskap 2022	Buds(end) 2022	Avvik kr	Regnskap 2021
Sentrale politiske organ	3 163 640	3 546 597	- 382 957	3 209 787
Kommunedirektør og stab	11 027 992	10 590 857	437 135	10 933 804
Sum etat: 1 Sentale politiske og adm organ	14 191 633	14 137 454	54 179	14 143 591

Utdanning og Kultur

Etaten hadde eit netto mindreforbruk på 3.909.207 kr i forhold til budsjett. Dette skuldast i hovudsak netto meirinntekter innan flyktninge -/ introduksjonsordninga i 2022. Elles god budjettkontroll i etaten.

Utdanning og Kultur		Regnskap 2022	Buds(end) 2022	Avvik kr	Regnskap 2021	
20	Kommunalsjef Utdanning og Kultur	6 281 608	7 145 507	- 863 899	6 015 378	1
22	Grunnskulen	27 273 570	27 315 399	- 41 829	25 643 442	2
25	Barnehager	14 603 261	14 247 080	356 181	9 902 412	3
26	Kultur	8 838 593	9 296 759	- 458 166	8 080 933	4
27	Vaksenopplæring	- 1 769 928	814 006	- 2 583 934	- 697 343	5
28	Bufelleskap flyktningar	83 140	291 012	- 207 872	- 2 360 495	6
29	Frivilligsentralen	640 050	749 738	- 109 688	430 782	7
TOTALT		55 950 294	59 859 501	- 3 909 207	47 015 110	

Kommunalsjef Utdanning og kultur

Budsjettavvik på 863.899kr skuldast i hovoudsak mindreutgift til skyss på 258.397 kr og meirinntekter knytt til refusjonar enn føresett i budsjettet for 2022.

Grunnskulen inkl SFO

Budsjettavviket på 212.128 kr skuldast meir i refusjonar og tilskott enn budsjettet.

Barnehager

Budsjettavviket for 2022 er på 356.181 kr i netto meirutgifter i barnehagane samla fordeler seg med netto mindreutgifter på Fredheim barnehage på 491.655 kr og 847.836 kr i meirutgifter i Høre barnehage enn enn føresett.

Hovudgrunnen til avvika skuldast i hovudsak endring omfang av tilbodet til barnehageplassar relatert til flyktningeordninga og omfanget at belegget på mottaket i 2022.

Kultur

Kultur		Regnskap 2022	Buds(end) 2022	Avvik kr	Regnskap 2021
205	Kulturadministrasjon	2 538 837	2 515 308	23 529	2 102 263
209	Kyrkjelege Fellesråd	3 428 204	3 416 000	12 204	3 191 187
211	Vang folkebibliotek	1 600 403	1 970 476	- 370 073	1 747 938
290	Vang kulturskule	1 271 149	1 394 975	- 123 826	1 039 545
	TOTALT	8 838 593	9 296 759	- 458 166	8 080 933

Budsjettavviket for dette området i 2022 er på netto mindreutgift 458.166 kr som i hovudsak skuldast mindre fordelte IKT utgifter og meir bokførte inntekter til biblioteket og kulturskulen enn føresett. Avviket innan kulturskulen skuldast meirinntekter i refusjonar i samband med sal av tenester til andre kommunar.

Vaksenopplæring

Avdelinga gikk 2.583.934 kr i meirinntekter pga størreaktivitet knytt til vaksenopplæring enn føresett. Inntektene var sers forsiktig budsjettert pga forventa nedtrapping av belegget på mottaket gjennom året 2021 og 2022.

Bufelleskapet einslege mindreårige

Aktiviteten på dette området var begrensa i 2022. Avviket skuldast meirinntekter.

Frivilligsentralen

Netto 109.688 kr i mindreutgift skuldast mindre personalutgifter enn føresett i budsjettet for 2022.

Helse og omsorg

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto meirforbruk 7.852.494 kr. Vel 2 mill kr av dette skuldast meir i pensjonsutgifter enn budsjettert. Vidare var det meirutgifter knytt til lønsutgifter / tillegg knytt framforhandla av avtale med KS for helsepersonell i turnus og vakttillegg i etaten som ikkje var budsjettert.

Elles så vart det til dømes meirutgifter knytt til Vang kommune sin andel av interkommunale tenester releatert til til legevakt med 1 mill kr og relatert til barnevern med 0,7 mill kr

Helse og omsorg		Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
		2022	2022	kr	2021
30	Kommunalsjef HO	2 199 624	1 865 361	334 263	1 422 671
31	Helsetenester	5 748 766	6 142 351	- 393 585	5 659 155
32	Vang legekantor	5 540 769	4 506 555	1 034 214	7 483 893
36	VHT	40 840 474	37 397 111	3 443 363	37 323 091
38	Tilrettelagte tenester	20 675 538	18 784 116	1 891 422	19 106 463
39	Interkommunale tenester	11 226 818	9 684 000	1 542 818	8 967 723
	TOTALT	86 231 988	78 379 494	7 852 494	79 962 996

Viser elles til årsmeldinga frå etaten - frå side 28

Landbruk og teknisk

Årsrekneskapen for i etaten viser samla sett meirforbruk på 3,4 mill kr . Rekneskapen viser til meirinntekter knytt til byggesak og oppmålingsgebyr i 2022. Vidare vart med mindre utgifter til vedlikehald på kommunale bygg til til veg og bustadfelt . I tillegg til dette vart det resultatmessig effekt med netto avvik innen VA på grunn av mindre kapitalkostnader som skal til dekning innan sjølvkostrekneskapen innan VA i 2022 enn budsjettt.

Landbruk Teknisk		Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
		2022	2022	kr	2021
40	Kommunalsjef Landbruk Teknisk	2 930 569	2 653 500	277 069	2 254 596
41	Plan , kart, oppmåling og byggesak	2 502 113	3 848 511	- 1 346 398	2 244 464
43	Kommunale bygg og vegar	11 737 626	11 124 636	612 990	13 620 687
45	VA	- 6 492 261	- 10 284 730	3 792 469	- 5 583 599
47	Landbruk	5 833 791	5 784 634	49 157	2 957 898
49	Brann og feietenester	3 280 455	3 260 000	20 455	3 187 385
	TOTALT	19 792 293	16 386 551	3 405 742	18 681 431

Kraftinntekter, skatt og utbytte frå kraftsektoren

Inntektene frå kraftsektoren fordeler seg på følgjande område :

Inntekter frå kraftsektoren	Regnskap 2022	Budsjett 2022	avvik	Regnskap 2021
Konsesjonsavgifter	24 063 785	24 200 000	-136 215	23 601 990
Eigedomskatt	5 163 584	6 200 000	-1 036 416	6 658 679
Naturressurskatt	6 447 650	7 600 000	-1 152 350	7 375 511
Andels -og konsesjonskraft og fallerstatnin	75 490 832	17 353 000	58 137 832	31 918 466
Renter av ansvarleg lån i Vang Energi verk A	1 477 404	700 000	777 404	763 662
Utbytte korrigert Elvang Holding A/S	-	4 000 000	-4 000 000	8 000 000
Utbytte Innlandet Energi Holding A/S	334 236	300 000	34 236	318 681
Total gevinstar / inntekter i kraftforvaltninga	112 977 491	60 353 000	52 624 491	78 636 989

Året 2022 munna ut med vesentlege meirinntekter innan kraftforvaltninga. Årsaka var knytt til høge kraftprisar og andre endring i prinsipp for overføring av gevinstar frå andelskrafta forvalta via Jotunkraft A/S.



Investeringar

Investeringsrekneskapan for 2022 viser brutto investeringsutgifter inkl utgifter til andelksinnskott i KLP på 25,9 mill derav er 10,8 mill finansiert med ubrukte lånemiddel.

Investeringane fordeler seg med 9.371.006 kr til VA –anlegg og 16.374.529 kr til andre investeringar inkl utgifter knytt til bustadfelt og veg.

Tabellen nedanfor viser investeringsrekneskapen spesifisert på prosjekt og finansiering.

Investeringar i 2022		Regnskap 2022	Buds(end) 2022	Avvik kr	Budsjett 2022
Investeringar i kommunale anlegg eksl VA					
42	Kjøp/sal av bilar	565 958	1 000 000	- 434 042	1 000 000
110	KLP - eigenkapitalinnskot	572 238	775 000	- 202 762	775 000
125	Startlån	248 425	500 000	- 251 575	500 000
220	Tettstadutvikling Vang sentrum	-	500 000	- 500 000	1 000 000
250	Digitalisering av arkiv	325 899	1 400 000	- 1 074 101	1 400 000
275	Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	8 914 648	13 300 000	- 4 385 352	13 300 000
284	Rehabilitering av kommunehuset - Ventilasjon	540 199	29 800 000	- 29 259 801	17 500 000
287	Ryfoss bustadfelt	1 786 525	2 500 000	- 713 475	2 500 000
288	Leikeapparatar - VBU	343 305	250 000	93 305	250 000
297	IHT -velferdsteknologi	99 387	1 500 000	- 1 400 613	1 500 000
306	VBU opprusting av veg	-	250 000	- 250 000	250 000
307	Vangsgheimen -strøsandlager	222 835	500 000	- 277 165	500 000
316	Lund - asfaltering	165 531	300 000	- 134 469	300 000
317	Ombygging Vangsgheimen	845 394	1 500 000	- 654 606	-
318	Klyppeaggregat	950 813	1 060 000	- 109 187	1 060 000
319	VBU aggregat i svømmebasseng	204 325	1 200 000	- 995 675	1 200 000
320	Trafikksikringstiltak ved barnehage	-	1 200 000	- 1 200 000	3 000 000
321	Avkjøring ved coop	-	875 000	- 875 000	875 000
322	Omsorgsbustader	-	-	-	1 500 000
324	ENØK tiltak	324 989	200 000	124 989	500 000
325	Miljøteneste - dokumentasjonssystem	134 375	100 000	34 375	100 000
531	Klimasats landbruk	129 683	-	129 683	-
Sum kommunale anlegg eksl VA		16 374 529	58 710 000	- 42 335 471	49 010 000
VA- Anlegg i 2022					
65	Grindafjell - infrastruktur/vassforsyning	297 955	-	297 955	-
100	Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell	1 129 389	13 750 000	- 12 620 611	13 750 000
162	Haugastøl - vassforsyning	324 106	-	324 106	-
300	Rammebudjett VA	1 300 318	5 000 000	- 3 699 683	8 000 000
313	Vang sentrum -rammeplan VA	3 745 864	22 400 000	- 18 654 136	22 400 000
326	Hovudledning VA øst-vest	-	-	-	5 000 000
954	Renseanlegg Vang	1 097 250	-	1 097 250	-
960	Tyinkrysset ra (2022--)	1 476 124	-	1 476 124	-
Sum investeringar i VA		9 371 006	41 150 000	- 31 778 995	49 150 000
Sum før avetning til fond		25 745 533	99 860 000	- 74 114 467	98 160 000
Avsetning til investeringsfond		161 656	0	161 656	0
TOTALT		25 907 189	99 860 000	- 73 952 811	98 160 000

Finansiering		Regnskap 2022	Buds(end) 2022	Avvik kr	Budsjett 2022
670	Sal fast eigedom	- 245 000	- 4 000 000	3 755 000	- 4 000 000
700	Refusjon frå staten	-	- 800 000	800 000	- 800 000
729	Mva-kompensasjon	- 2 921 148	- 11 141 750	8 220 602	- 11 141 750
730	Refusjon frå fylkeskommunar	- 180 000	-	- 180 000	-
770	Refusjon frå andre (private)	- 77 918	-	- 77 918	-
910	Bruk av lån	- 10 803 037	- 61 423 250	50 620 214	- 61 423 250
920	Motteke avdrag på utlån	- 210 000	-	- 210 000	-
922	Motteke avdrag på lån til vidareutlån	- 410 081	- 20 000	- 390 081	- 20 000
948	Bruk av ubundne investeringsfond	-	- 775 000	775 000	- 775 000
951	Bruk av næringsfond	-	-	-	- 20 000 000
970	Overføring frå driftsdelen	- 11 060 005	- 21 700 000	10 639 995	-
TOTALT		- 25 907 189	- 99 860 000	73 952 811	- 98 160 000

Budsjettavvika på 73.952.811 kr i mindreutgifter mot budsjett for 2022 er fordelt slik :

- 31.778.995 knytt til investeringar VA på grunn av utsatte prosjekt pga situasjon i entreprenørmarknaden og vesentleg attståande arbeid knytt til prosjektering.
- 42.335.471 kr i mindreutgifter til andre investeringar
- 161.656 kr i meirutgifter til avsetningar til investeringsfond

Igangsette tiltak er re-budsjettert til budsjettåret 2023

3.1 Handlingsreglar - finansielle mål

På grunn av høge kraftprisar og vesentleg auke i inntektene frå kraftforvaltning vil resultatene knytt til handlingsreglene i forhold til brutto driftsinntektene bli gode i 2022.


Resultatnål Oppnådd		
1 Netto driftsresultat	4,50 %	16,00 %
2 Disposisjonsfond	15 %	22,90 %
3 Lånegjeld inkl VA		58,30 %
Lånegjeld eksl VA	70 %	45,00 %

3.2 Finans - lånegjeld

Frå og 2015 har lånegjelda vore aukande i kommunen. Samla lånegjeld pr 31.12.2022 er på 183,7 mill kr derav om lag 50 mill kr relatert til sjølvkostområde vatn og avløp.

Finansar i form av innskot så vel kortsiktig og langsiktig likviditet er pr 31.12.2022 innestående i bank.

Kommunen sitt finansreglement vil bli revidert og oppdatert i 2023. Kommunelovens §14-13 viser til kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko.



3.3 Internkontroll

Kommunelova § 25-1:

“Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.»

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Det har vore retta fokus på oppdateringar av skriftlege interne rutiner på ulike område gjennom året 2022 som fortset inn i 2023.
- Det har vore prosessar med innføring av nytt delegeringsreglement 2020-2022.
- Det har tidlegare år vore arbeidd med GDPR for å klargjere organisasjonen for personvernreglane. Vang har gjennomført internkontroll på sine system og nyttar GDPR system som ligg i Kvalitetslosen (Compilo).

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert område slik dette går fram av økonomiplan-dokumentet. Internkontroll er jamnleg tema på leiarmøter. Fem kommunar i Valdres har samarbeid om personvernrådsgjevar med Vestre Slidre kommune som arbeidsgjevar.

3.4 Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg kommunedirektøren vekt på å:

- følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.

- følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. varslingsreglementet.
- bygge og vedlikehalde høg grad av integritet både for administrasjonen og dei politiske organa.

3.5 Likestilling og likebehandling

Likestillingslova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.»

Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.»

Gjennomførte tidlegare medarbeidarundersøkingar tidlegare år tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningsliner for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret omtalar likeløn: - *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

I kommunen var det 259 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2021 derav 202 kvinner (78%) og 57 menn (22 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antalet.

Jfr § 26 i likestillings- og diskrimineringsloven, første ledd.

Verksemda er omfatta av likestillings og diskriminerlova sine bestemmerler om aktivitetsplikt. Dette betyr at kommunen skal :

- Undersøke om det finnes risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling*
- Analysere årsaker til identifiserte risikoer*
- Iverksette tiltak som er egnet til å motvirke diskrimineringen og bidra til økt likestilling og*

mangfold i virksomheten

d) Vurdere resultatet av arbeidet etter bokstav a –c

Vang kommune har fokus på likestilling og oppretthalde av gode arbeidsmiljø i tenesteområda. Oppfatninga er at det er godt arbeidsmiljø og at det er fokus på likestilling og risikoen for evt diskriminering i tenesteområda .

Det er generelt sterkt fokus mest bruk av heiltid i stillingar i kommunen der det lar seg gjere.

3.6 HMS og Sjukefråvær

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartnar m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år.

Å følgje opp rutinane for sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

HMS-system er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «Compilo» som er eit system for avviks-behandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningslinjer.

Sjukefråvær

I 2022 var sjukefråværet på 7,6% mot 7,9 % i 2021

Sjukefråvær Vang kommune	
2022	7,6%
2021	7,9%
2020	6,1%
2019	6,2%
2018	6,8 %
2017	8,4 %
2016	7,9 %

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Stab	4,6 %	4,1 %	4,1%	6,7%	7,0%	5,4 %
Utdanning og Kultur	7,9 %	5,4 %	6,4%	6,4%	8,2%	7,8 %
Helse og Omsorg	10,1 %	8,4 %	7,4%	6,3%	9,2%	8,0 %
Teknisk og landbruk	4,7 %	7,1%	2,0%	4,1%	3,0%	6,4 %

Korttidsjukefråvær vs. Langtidsfråvær Vang kommune			
	1-16 dagar	>=17dagar	Total %
2022	2,2%	5,0%	7,6%
2021	2,2%	5,8	8,0%

4 Befolkningsutvikling per grunnkrets

Kommunedel	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Vang	1 594	1 611	1 582	1 588	1 591	1 607	1 572	1 570	1 585	1636
- Ryfoss	247	230	236	242	240	243	236	227	242	247
- Søndre Høre	95	104	98	99	101	101	100	104	110	112
- Nordre Høre	69	74	73	76	84	77	73	75	71	68
- Øylo	70	71	73	74	79	84	74	79	81	80
- Heen - Lien	222	226	216	220	213	213	211	214	213	218
- Vennis	73	74	78	75	74	70	70	71	70	69
- Søndre Vang	166	161	153	163	170	172	173	166	177	170
- Nordre Vang	396	408	391	379	368	375	371	381	359	419
- Nedre Dalen	96	105	107	103	107	107	108	109	112	110
- Øvre Dalen	157	158	157	157	155	162	150	141	144	131
- Kyrkjestølen	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0
- Bygdin	0	0	0	0	0	0	3	3	3	3
- Eidsbugarden	0	0	0	0	0	3	3	0	3	0
- Uoppgitt grunnkrets	0	0	0	0	0	0	5	5	3	3

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0 - åringer	17	9	15	10	11	17	14	9	11	12	17
Barnehage (1-5 år)	74	83	75	73	76	71	71	72	66	74	75
Grunnskole (6-15 år)	175	172	171	165	187	185	187	189	184	188	192
Videregående (16-19 år)	81	78	71	77	72	74	77	66	72	75	78
Voksne (20-66 år)	974	967	985	956	943	938	936	917	908	905	936
Eldre (67-79 år)	175	187	204	218	225	234	237	238	242	243	246
Eldre (80-89 år)	85	91	81	72	65	62	64	61	65	66	69
Eldre (90 år og eldre)	16	15	17	19	17	20	24	26	25	24	23
Total	1 597	1 602	1 619	1 590	1 596	1 601	1 610	1 578	1 573	1 587	1 636

Talet på innbyggjarane i Vang har auke sei seinar året. Iflg SSB var innbyggartalet i kommunen 1585 i utgangen av 2022 og ved siste måling 1636. Auken har vore størst i Vang nordre. Utvikling i alderssamansetnaden viser ei liten auke i grunnskulealder og vaksne i 20-2066 i perioden . Noko av auke er knytt til busettinga av flykningar.

Kommunen sine etatar

5 Sentrale politiske og adm organ

5.1.1 Beskriving av etaten

Området inneheld utgifter knytt til den politiske og administrative styringa av kommunen.

I området inngår servicetorg kommunehuset, politisk sekretariat, post- og arkiv, personalarbeid, informasjon, økonomistyring, arbeid med eigedomsskatt.

Vidare så har området sentrale funksjonar knytt til kvalitetssystem, internkontroll og utviklingsoppgåver for einingane, dei folkevalde organa som kommunestyret/formannskapet og råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing, ungdomsrådet, kontrollutvalet inkludert utgifter til revisjon, tilskott til interkommunale samarbeid til innkjøpssamarbeidet, personvernombod, borgerlige vigslar, store fellestopster som forsikringar, frikjøp hovduttillitsvalde og felles IKT-utgifter.

5.1.2 Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
10-Politiske og adm styringsorgan	3 210	3 164	3 797	633	16,7 %
11-Kommunedirektør	1 417	1 536	2 103	566	26,9 %
12-Stab	9 517	9 492	8 238	-1 254	-15,2 %
Sum	14 144	14 192	14 137	-54	-0,4 %

5.1.3 Kommentar til status økonomi

10- Politiske organ

Samla mindreutgift på området er 632.940 kr på grunn av netto mindreutgifter til møtegodtgjering og til kontroll og revisjon i 2022 mot budsjett.

11 og 12 - Kommunedirektøren og stab – fellestenester

Året 2022 innan stab-administrasjon munna ut meirutgift på 687.153 kr som i hovudsak skuldast høgare utgifter til lisensar, avgifter og IKT-utgifter enn føreset.

5.1.4 Kostra-analyse

Prioritet	Vang 2021	Vang 2022	Etnedal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragr 06	Innlandet
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	8 340	8 615	8 127	9 383	5 915	5 282	6 696	5 123
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	151	285	485	0	114	332	449	477
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	416	235	327	248	189	160	281	155
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	733	801	994	868	511	476	751	494

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

5.1.5 Politiske og adm styringsorgan

Politiske styring av Vang kommune består av :

- Kommunestyret med 17 medlemmer
- Formannskap med 5 medlemmer
- Hovudutval for utvikling med 7 medlem
- Hovudutval for levekår med 7 medlemmer
- Eldrerådet med 7 medlemmer
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 5 medlemmer
- Ungdomsrådet

Kontroll og revisjon

Frå og med 2021 er det det Revisjon Innlandet IKS som har oppdraget knytt til finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet i Vang kommune består av 5 medlemmer

Administrasjon og saksbehandling til kontrollutvalet blir utført av eige sekretariat.

Overordna mål for det politisk apparat er å ivareta lokaldemokratiet og fatte effektive avgjerder. Kommuneplanen, samfunns- og arealdel og planstrategi er overordna styringsdokument.

Arbeidsområdet i Stab er knytt til :

- HR – personal og løn
- Økonomi og rekneskap
- Fakturering
- servicetorg
- Arkiv
- Møtesekreteriat
- Val
- Systemansvar for dagsprogram

Antal tilsette i stabsområdet er 8 fordelt på 6,8 årsverk

Stab har som målsetningar :

- å yte god service til innbyggjarane.
- å yte god ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.
- å yte gode tenester overfor etatane og verksemdene i kommunen

Status økonomi

Beløp i 1000

Gruppeansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i	Avvik i
	2021	2022	2022	kr	%
Sum	9 517	9 492	8 238	-1 254	-15,2 %

6 Utdanning og Kultur

6.1 Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
20-Kommunalsjef UK	6 015	6 282	7 146	864	12,1 %
22-Grunnskulen	25 643	27 274	27 315	42	0,2 %
25-Barnehager	9 902	14 603	14 247	-356	-2,5 %
26-Kultur	8 081	8 839	9 297	458	4,9 %
27-Vaksenopplæring	-697	-1 770	814	2 584	317,4 %
28-Bufelleskap flyktningar	-2 360	83	291	208	71,4 %
29-Frivilligsentralen	431	640	750	110	14,6 %
Sum	47 015	55 950	59 860	3 909	6,5 %

6.1.1 Kommentar til status økonomi

Etaten hadde eit netto mindreforbruk på 3.909.207 kr i forhold til budsjett. Dette skuldast i hovudsak netto meirinntekter innan flyktning -/ introduksjonsordninga i 2022. Elles god budsjettkontroll i etaten.

Kommunalsjef / etatlskontor i Utdanning og kultur

Budsjettavvik på 863.899 kr skuldast i hovudsak mindreutgift til skyss på 258.397 kr og meirinntekter knytt til refusjonar enn føresett i budsjettet for 2022.

Grunnskulen inkl SFO

Budsjettavviket på 212.128 kr skuldast meir i refusjonar og tilskott enn budsjettert.

Barnehagar

Budsjettavviket for 2022 er på 356.181 kr i netto meirutgifter i barnehagane samla fordeler seg med netto mindreutgifter på Fredheim barnehage på 491.655 kr og 847.836 kr i meirutgifter i Høre barnehage enn enn føresett.

Hovudgrunnen til avvika skuldast i hovudsak endring omfang av tilbodet til barnehageplassar relatert til flyktningeordninga og omfanget at belegget på mottaket i 2022.

Kultur

Budsjettavviket for dette området i 2022 er på netto mindreutgift 458.166 kr som i hovudsak skuldast mindre fordelte IKT utgifter og meir bokførte inntekter til biblioteket og kulturskulen enn føresett. Avviket innan kulturskulen skuldast meirinntekter i refusjonar i samband med sal av tenester til andre kommunar.

Vaksenopplæring

Avdelinga gikk 2.583.934 kr i meirinntekter pga større aktivitet knytt til vaksenopplæring og høgare nivå på introdulsjonstilskott frå IMDI enn føresett. Inntektene var sers forsiktig budsjettert pga forventa nedtrapping av belegget på mottaket gjennom året 2021 og 2022.

Bufellesskapet enslige mindreårige

Aktiviteten på dette området var begrensa i 2022. Avviket skuldast meirinntekter.

Frivilligsentralen

Netto 109.688 kr i mindreutgift skuldast mindre personalutgifter enn føresett i budsjettet for 2022.

6.1.2 KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2021	Vang 2022	Etnedal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
Prioritet								
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	4 882	5 015	3 801	3 742	1 623	3 894	4 002	2 843
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	28,0 %	34,5 %	18,6 %	23,1 %	23,8 %	20,3 %	20,9 %	21,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	262 623	244 343	313 440	191 872	184 805	223 016	226 913	198 003
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 - kyrkje (pr. innbygger i kroner *)	2 245	2 050	1 942	1 742	1 151	990	1 238	705
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	108 932	108 305	123 270	113 737	114 519	123 392	124 547	111 275
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	166 413	162 531	162 248	151 606	156 416	152 512	161 169	142 205
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	5 915	6 719	8 472	13 263	6 031	5 551	5 784	3 596
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	3 711	6 670	4 113	2 584	5 587	2 017	11 201	6 396
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2,6 %	3,0 %	1,8 %	2,3 %	1,4 %	1,2 %	1,3 %	1,0 %
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger *) **)	0,8	1,6	0,1	0,4	1,4	0,8	1,2	0,6
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	2 258	2 573	5 039	4 393	2 527	2 693	3 124	2 356
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	21 973	28 167	24 203	31 339	20 244	27 055	25 435	24 511
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker *)	25 777	30 659	31 591	21 910	38 743	27 735	40 565	32 594
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	210 064	211 981	173 539	192 451	182 289	168 856	191 584	151 979
Dekningsgrad								
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,5 %	1,6 %	0,0 %	1,4 %	4,2 %	0,6 %	1,9 %	2,8 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	3,3 %	3,8 %	9,1 %	4,9 %	10,0 %	8,2 %	9,8 %	7,4 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2,2 %	13,5 %	0,0 %	2,4 %	4,9 %	4,6 %	5,6 %	5,8 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	35,5 %	38,7 %	21,7 %	33,3 %	27,9 %	26,9 %	53,0 %	57,4 %

Kvalitet

Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	100,0	92,9	100,0	90,6	93,3	96,8	
Besøk i folkebibliotek per innbygger	9,8	6,7		2,5	5,2	3,3	2,5	3,9
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,7	4,1	3,8	4,0	4,0		4,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,7	9,0	9,4	10,1	10,2	10,7	8,7	12,0
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	50,0	48,0	47,0	52,0	51,0	51,0		50,0
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	54,0	50,0	48,0	52,0	47,0	50,0		49,0

Andre nøkkeltal

Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning	113,3 %	153,3 %	100,0 %	100,0 %	75,4 %		90,1 %
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	100,0 %	166,7 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %		115,2 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

6.2 Kommunalsjef Utdanning og Kultur

Kommunalsjef for utdanning og kultur har på overordna nivå ansvar for grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, læringssenter med vaksenopplæring, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, kulturarbeid, barne - og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett, friluftsliv og natur - og kulturbasert reiseliv.

Mål for verksemda

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innanfor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innanfor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.

Talet på tilsette i 2022 var ca. 118 + 6 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.

På etatskontoret har det i 2022 vore kommunalsjef i 100 % stilling, etatsrådgivar i 140 % stilling, midlertidig utvida rådgivar i 60 %, kulturfagleg rådgivar i 40 %. Vang kommune har eigen kommunelogoped i 20 % stilling, ungdomsrådgivar i 20 % stilling og ungdomsarbeidar i 11 % stilling. Frå 2021 vart det også lagt inn ein 100 % vernepleiar-stilling, men den blei i 2022 overført til barnehage.

Relatert til FN's bærekraftsmål

Arbeid med bærekraftmåla: Bærekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. FNs bærekraftsmål består av 17 mål som skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. For etaten er det særskilt desse måla vi jobbar for:

1 UTRYDDE FATTIGDOM

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

4 GOD UTDANNING

10 MINDRE ULIKHET

Oppvekstløftet: Barnevernsreforma trådde i kraft 1.1.2022. Reforma er ei samhandlingsreform for barn, unge og familiar slik at fleire barn skal få rett hjelp til rett tid, og at tilbodet skal tilpassast lokale forhold. Parallelt foregår det eit arbeid med "Laget rundt barnet" i barnehage og skulesektoren som blir kalla Kompetanseløftet. I Valdres ser ein barnevernsreforma og kompetanseløftet i samanheng for å lage eit heilheitleg tilbod til utsette barn og deira familiar. Dette er eit viktig tverretatleg samarbeid for særskilt utdanning og kultur og helse og omsorg.

Leirskuleprosjektet: Våren 2022 var det vidareført ein 50 % prosjektstilling for planlegging og tilrettelegging av det pedagogiske opplegget for eit leirskuletilbod.

Sluttproduktet i prosjektet vart presentert for Hovudutval for levekår 13.9.2022.

Det er pr. no ingen ny intensjonsavtale mellom Vang Kommune og eigarar av bygningsmassen på Grøvtstølen 43, 6 og 47 på Tyinkryset.

Logoped: Vang kommune har ei 20 % logopedstilling, som nyttast til tale- og språkrelaterte oppgåver med mål om å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder i Vang.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 015	6 282	7 146	864	12,1 %

6.3 Vang barne- og ungdomsskule

Mål for verksemda

Vang barne- og ungdomsskule har følgjande overordna mål:

- å vere ein skule med eit inkluderande miljø, der elevar opplever meistringskjensle og læringsglede
- å utvikle robuste elevar som er i stand til å takle både medgang og motgang
- å vere ein skule der tilsette trivst, og opplever personleg utvikling, gjennom godt samarbeid i eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.

Aktivitet og gjennomførte tiltak i 2022

VBU : Vang barne- og ungdomsskule (VBU) hadde i 2022 om lag 150 tilsette og 185 elevar pr. 1. oktober 2022.

Flykningstraumen grunna krigen i Ukraina har sett eit stort preg på VBU i 2022. Skulen har frå 18. april til 31. desember hatt totalt 87 elevar innom introduksjonstilbodet som er oppretta for barn ved Vang Mottakssenter. Dei busette flyktningane i skulealder har fått skuletilbod i dei ordinære klassane.

Uteområdet vart i 2022 oppgradert med to nye svinghusker og fleire sitje-/hengeplassar som vart svært populære.

Utviklingsfokuset ved VBU i 2022 har vore «vurdering for læring», tverrfaglegheit og pedagogisk analyse. Målet med dei tverrfaglege arbeida har vore å sjå samanhengar i og mellom fag, djubdelæring, samarbeidslæring og å byggje samhald i og på tvers av klassar.

SFO : 1.8.22 vart det endring i forskrift til opplæringslova (§ 1B-4) med 12 timar gratis SFO for 1. klassingar. Alle 1. klassingane på VBU har nytta SFO.

Resultatvurdering

Økonomi: Vang barne og ungdomsskule hadde i 2022 eit mindreforbruk på 465 000 kr i forhold til budsjett. Dette handlar i hovudsak om 1,681 millionar meir utgifter og 2,146 millionar meir inntekter enn budsjettet og som er knytt til introduksjonsklassa.

Rekneskapen 2022 for SFO viser kr 236000 større nettoutgift enn budsjettet. Bortfall i brukarbetaling for ½ år vart kompensert i rammetilskottet med ca kr 260.000 som ikkje kjem fram i driftsrekneskapen.

Elevundersøkinga: Elevundersøkinga er gjennomført for 5. – 10. klasse. På VBU er det høg skår for 7. og 10. klasse for indikatorane «elevdemokrati og medverking» og «felles reglar». For 10. klasse er det óg eit markant positivt resultat i indikatorane «vurdering for læring», «støtte heimanfrå» og «utdanning og yrkesretteleing».

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	25 643	27 274	27 315	42	0,2 %

6.4 Barnehager

Mål for verksemda

Barnehagane skal legge til rette for :

- god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt, inkluderande og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum.
- at alle barn skal trivast i barnehagen
- rammene for og dokumentasjon på arbeidet med eit godt læringsmiljø er fastsett i rammeplanen, årsplanar, månadsplanar og pedagogiske rapportar

- utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kurs, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna / nytilsette
- vidare arbeid med Smart oppvekst og utviklingsarbeid med fokus på inkluderande læringsmiljø
- arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage
- arbeide for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO
- ernæringsmessig god mat i barnehagen
- nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet
- oppretthalde full barnehagedekning

Aktivitet og gjennomførte tiltak i 2022

-Den pedagogiske aktiviteten og arbeidet med eit godt læring-/barnehagemiljø er omtala og dokumentert i årsplanar, rammeplanen, månadsplanar og pedagogiske rapportar.

«Smart oppvekst» har vore ei satsing i barnehagane i Vang kommune også i 2022. Tankesettet med fokus på styrkar og grunnleggande eigenskapar er i bruk i kvardagen i barnehagane med mål om å bidra til robuste barn som tåler med- og motgang. Smart-trenarane har hatt eit ekstra oppfølgingsansvar i dette utviklingsarbeidet. I 2022 har også inkluderande læringsmiljø vore eit aktuelt tema i utviklingsarbeidet i barnehagane og det har vore eit tett samarbeid med PPT i begge barnehagane.

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra, også i 2022. Kommunen oppfyller også ønske om barnehageplass fortløpande, om det kan skje utan auke i bemanning.

Generelt har 2022 vore eit år med utfordringar med å få tak i vikarar og personale i barnehagane. Dette er hovudgrunnen til at det i løpet av 2022 ikkje har vore barnehagetilbod til barn ved Vang Mottakssenter som ikkje har ein lovfesta rett på det.

Maksimalprisen for ein heiltids barnehageplass blei frå 1.1. 2022 til 1.1.2023 redusert med ca 9,5 %. Inntekstgrensa for 20 timars gratis kjernetid var frå 1. august 2022 kr 598.825.

6.4.1 Høre barnehage

Høre barnehage hadde hausten 2022 23 barn. Personalet er pr. 1. januar 2023 11 tilsette; 100 % styrar, 340 % pedagog/barnehagelærer, 420 % fagarbeidar/assistent. Styrarstillingen i Høre barnehage har delar av 2022 vore auka frå 60 til 100 % for planlegging av eit nytt barnehagetilbod for barn frå Vang Mottakssenter med oppstart frå barnehageåret 2023-24.

6.4.2 Fredheim barnehage

Fredheim barnehage hadde hausten 2022 43 barn. Personal-ressurs er no 120 % styrar og ass. styrar, 700 % pedagogisk leiar, 740 % fagarbeidar/assistent, 260 % spesialpedagog og til saman 70 % vaktmeister og reinhaldar.

Status økonomi - samla for barnehagane

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	9 902	14 603	14 247	-356	-2,5 %

6.5 Vang Kulturskule

Det var 59 elevplassar i kulturskulen ved årets slutt i 2022, totalt 41 elevar, og av desse er 36 elevar i grunnskulen og 5 over grunnskulealder. Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30 % av elevtalet i grunnskulen, mens Vang kulturskulen har ca 20 % av grunnskuleelevane.

Det er 15 ansatte i Vang kulturskule og alle har deltidsstilling. Samla årsverk for tilsette: mot elevar - 197 %, inkludert rektor i 40 % og korps/kor/barnehage 66%

Tilbod som har vore i kulturskulen i 2022:

- -musikkundervisning – 36 elevar
 - visuelle kunstoffag – 3 elevar
 - teater – 6 elevar
- -dans – 8 elevar
- -andre kunst og kulturuttrykk (Jokerspace) – 6 elevar

«Korps i skulen» har også i 2022 vore eit tilbod i grunnskulen i samarbeid med korps og kulturskule.

Nokre arrangement i 2022 som kan nevntast er vårkonsert, huskonsert på Torsheim, julekonsert, opning av Hugaviktunnelen, opning av kunstutstilling, innslag under opning av møte i Vang kommunestyre.

Vang kulturskule har eit samarbeidsutval som møtast ein gong i året.

6.6 Vang Folkebibliotek

I bibliotektilbodet inngår m.a. utlån av fysisk og elektronisk materiale, tilby ein plass å vere, arrangere litterære og andre kulturelle aktivitetar, utlån av møtelokale og samarbeid med biblioteksektoren på ulike nivå. Biblioteklokala ligg på Vangstunet og er tilgjengeleg for publikum 30 timar i veka. Biblioteket er bemanna 22 av desse timane. Åtte timar i veka er det Vang frivilligsentral som held lokala ope.

Bok i butikk: I tillegg til det fysiske biblioteket kan fastbuande og tilreisande låne bøker ved Bok i butikk på Joker Filefjell og Joker Ryfoss. I kvar butikk står fem hyllemeter med bøker for alle aldrar, både skjønn- og faglitteratur. Lån frå Bok i butikk er tillitsbasert, "lån ei bok og sett ho tilbake når du er ferdig med ho".

Vang folkebibliotek sitt mindreforbruk på 370 000 kr for 2022 skyldast lågare IKT-utgifter og lønnsutgifter enn budsjettert.

Vang folkebibliotek har ei rekke mål og planar, mellom anna å formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur og å vere ein sosial møteplass. I tillegg til innbyggjarane i Vang kommune skal Vang folkebibliotek yte service til tilreisande og andre som kjem innom.

I 2022 hadde biblioteket ei rekke arrangement for vangsgjeldingar i alle aldrar, mellom anna:

- Skulestartarane i Høre barnehage og Fredheim barnehage besøkte Vang folkebibliotek, og barnehagane fekk besøk av biblioteket med lesestund
- 1.-7. trinn på VBU fekk besøk av bibliotekar som heldt lesestund. Ungdomssteget fekk besøk av Are Sende Osen under Valdres litteraturfest
- Høgtlesing på dagsenteret på Vangsheimen

Valdres litteraturfest: (VL) vart gjennomført for andre gong, 24. september – 2. oktober. Til saman hadde biblioteka i Valdres 39 arrangement med nesten 1200 deltakarar over dei ni dagane. Ved Vang folkebibliotek var det 17 arrangement med 450 deltakarar. 13 av arrangementa var opne for alle, medan fire var berre for barnehage og skule.

Våren 2022 hadde biblioteket, saman med Vang frivilligsentral, 13 enkeltarrangement og sju jamlege aktivitetar/arrangement på vårprogrammet. På hausten vart det laga program for kortare periodar om gongen. Valdres litteraturfest hadde eige program, og dei to siste månadane av året hadde biblioteket 13 arrangement.

Gjennom året har Vang Frivilligsentral og Vang folkebibliotek hatt meir eller mindre faste aktivitetar, som lesesirkel, brettspelkveldar for ungdomstrinnet, norskundervisning, gitarspeling, barseltreff.

Til saman deltok om lag 2500 personar på alle arrangementa gjennom året.

Samanlikna med 2021 har biblioteket hatt ein nedgang i besøkstal. Utlånet har likevel haldt seg på same nivå som 2021.

Historiske bilete frå Vang : Sommaren 2022 vart alle bilda og tilhøyrande informasjon frå basen “Historiske bilete frå Vang” overført til Digitalt museum.

6.6.1 Kino

Det har i 2022 vore 1 kinokveld på våren og 3 på hausten med visning av ein barnefilm og ein vaksenfilm kvar gong. Filmframvisinga har vore med Bygdekinoen i auditoriet på VBU og med ei lokal dugnadsgruppe som tilretteleggarar. Vang kommune ved kulturrådgivar tar ansvar for å koordinere og engasjere frivillige lag og foreiningar til innsats dei aktuelle kinokveldane.

6.6.2 Ungdomsarbeid

I 2022 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, lokalt UKM-arrangement, busstur til Hamar og Brumunddal samt kveldskøyring på Tyin.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp. Ungdomsrådet har ein eigen pott i budsjettet, p.t. 30.000,- til disposisjon.

6.6.3 Kunstutvalet

Kunstutvalet hadde to møte, i februar og september. Haustutstillar 2022 vart tekstilkunstnar Eline Medbøe. Kommunen kjøpte inn eit tekstilverk. Utvalet består av 4 medlemmer

6.6.4 Den kulturelle skulesekken

Ved VBU var det i 2022 til saman 9 tilbod/arrangement frå “Den kulturelle skulesekken”. Samla utgifter til DKS var 72.000 kr og 66.000 kr vart dekkja av DKS-tilskott frå Innlandet fylkeskommune.

6.7 Vang læringscenter

Vang Læringscenter har i 2022 vore gjennom fleire omstillingar. Året starta med ein omstrukturering av læringscenteret, då det var forventta nedgang i busettingar og færre elevar som følge av nedlegginga av Vang mottakscenter.

Som følge av krigen i Ukraina måtte dei fleste kommunar i landet forberede seg på å ta i mot ukrainske flyktningar. Dette førte til at dei planlagte omstillingane på læringscenteret måtte stoppast, og at det var behov for dei lærarstillingane som var der. Det var som følge av auke i talet på busettingar behov for å tilsette ein flyktningkonsulent.

Busetting og introduksjonsprogram: Med bakgrunn i den nye situasjonen oppmoda IMDI i mars, Vang kommune om å busette 15 flyktningar i 2022, og kommunestyret gjorde då vedtak på dette. Det vart gjort nytt vedtak i desember om å kunne gå utover dette talet. Det vart derfor busett 17 personar i 2022. Fleirtalet av dei busette har kollektiv beskytting.

Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid. Som følge av det store tallet flyktningar med kollektiv beskytting, trådte det i mars i kraft midlertidige bestemmelse i integreringslova (kap 6a). «Dei midlertidige reglene reduserer lovpålagte krav, men er ikke til hinder for at tilbudet som gis er mer omfattende». (<https://www.imdi.no/kvalifisering/regelverk/juridisk-veileder-til-integreringslovens-midlertidige-kapittel-6a>). I 2022 fekk nær alle busette tilbod om fulltidsprogram, med norskopplæring og arbeids- og utdanningsretta element som hovudfokus i tilbodet. Varigheita på introduksjonsprogram for denne gruppa er frå 6 månader – med moglegheit for forlenging inntil 6 månader.

Norskopplæring for asylsøkarar og arbeidsinnvandrarar: Læringscenteret har ansvar for vaksenopplæring innan norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar. Som følge av gjenopning av Vang mottakscenter, fekk derfor Vang Læringscenter fleire elevar frå mottakscenteret.

Bebuarar på mottaket med kollektiv beskytting har ikkje rett på asylnorsk.

Grunnskule : I 2022 var tre personar på grunnskule for vaksne. Dei gjennomgår faga norsk, matte, naturfag, samfunnsfag og engelsk. Elevane på grunnskulen har avsluttande eksamen våren 2023.

Vaksenopplæringa etter opplæringslova kap. 4A : Omfanget av tilsette er 66 % lærarstilling og ein 40 % assistentstilling.

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring til vaksne etter opplæringslova kap. 4A (grunnskule og spesialundervisning). Undervisningslokala er i aktivitetsbygget ved Lund.

Det er individuelle planar for kvar elev, og det er eit tett samarbeid med Lund arbeidsbase, bustad og verger. Det har vore inne ein vikar i pedagog-stillinga i 2022, dette som følge av den planlagde omstruktureringa av Læringscenteret i januar, som likevel ikkje vart gjennomført.

Investeringar: Det vart i 2022 kjøpt inn to interaktive skjermar på læringscenteret som følge av økt elevtal og behov for oppgradering.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-697	-1 770	814	2 584	317,4 %

6.7.1 Bufellesskapet Gullringen

2022 var det siste året Vang læringscenter hadde oppfølging med ungdommene frå bufellesskapet Gullringen. Dei av ungdommene som har ønskje om vidare oppfølging får dette gjennom barneverntenesta.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-2 360	83	291	208	71,4 %

6.8 Frivilligsentralen

Kari Hagaseth har vore styreleiar i 2022. Dagleg leiar har hatt 20 % permisjon grunna styreleiarverv i Norges frivilligsentraler. Med prosjektmidlar frå BufDir via NFS, samt vidareføringsmidlar frå kommunestyret er det tilsett prosjektleiar Aktive saman 50 % delar av året + AlleMed-koordinator 50 % frå desember.

58 frivillige har utført om lag 450 timar med frivillig arbeid for sentralen dette året.

I 2022 fekk Vang Frivilligsentral 448.000,- i statstilskot. Samla driftsrekneskap: 640 050,-. I juli kom ny forskrift for statstilskotet. Sentralen driv i tråd med forskrifta, og fordelinga av tilskotet vil vere om lag som før.

Sentralen heldt ope 3 dagar i veka. Faste møteplassar og aktivitetar, i samarbeid med andre:

- barseltreff
- norskundervisning
- middagservering på Storplogen
- øvingskøyering

I tillegg hadde frivilligsentralen, saman med biblioteket og andre, 16 arrangement. Til saman deltok om lag 2100 på desse arrangementa og dei faste aktivitetane. Årets julegåvedugnad med innsamling av gåver var vellykka.

Arbeidsgruppa har jobba med synleggjering av frivilligheita og aktivitetstilbodet i Vang gjennom tre tiltak:

- *Frivilligmarknad* - om lag 300 framsmøtte fekk ein smakebit av aktivitetstilbodet i Vang då 32 lag viste seg fram i Vangshallen med stands og demonstrasjonar.
- *Foreiningsportal* - i desember vart portalen lansert, endeleg er informasjon om alle lag og aktivitetstilbod i Vang samla på ein plass!

- *Presentasjonar av laga* - arbeidsgruppa har til saman skrive 16 presentasjonar av frivillige lag i 2022. Presentasjonane er samla på frivilligsentralen si nettside. Arbeidet held fram i 2023 og blir forhåpentlegvis også til eit fysisk magasin.

Aktive saman og Fritidserklæringa - Prosjektlear rekrutterte og følgde opp familiar som fekk hjelp frå frivillige for å få ungane med i fritidsaktivitet. I juni bidrog prosjektet til at 19 ungar frå FK Vang deltok på fotballcup på Fagernes. Frivilligsentralen bidrog også til etablering av ei *fritidskasse* som skal gi økonomisk støtte til fritidsaktivitetar, med midlar frå BufDir, administrert av folkehelsekoordinator.

BUA: 2 timar opningstid pr veke + etter avtale. I 2022 kom Vang på 10. plass blant småkommunane i BUA-nettverket med 953 utlånte utstyrseiningar. BUA arrangerte 2 aktivitetsdagar med foreldre og ungar i 3 klassar på VBU, hadde stand med aktivitet på Vinjerock sin marknadsdag, samt samarbeida om førehandssal av festivalbilettar. BUA fekk også låne ut VBU sine hockeyskøyter i ei tillitsbasert ordning på Joker Ryfoss som vart godt brukt.

TV-aksjonen: I 2022 gikk det til Leger utan grenser. Frivilligsentralen koordinerte den lokale arbeidsgruppa, arrangerte temakveld, bamsesjukehus i Høre bhg og konkurranser på Vinjerock sin marknadsdag, og administrerte 4 områdeleiarar som rekrutterte 25 bøsseberarar.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	431	640	750	110	14,6 %

7 Helse og Omsorg

7.1 Beskriving av etaten

Helse- og omsorgsetaten i Vang omfattar

- Helseavdelinga
- Vang legekantor
- Tilrettelagte tenester
- Vangsheimen og heimebaserte tenester
- Interkommunale tenester
- Rådgjevar helse- og omsorg
- Folkehelsekoordinator
- Kommuneoverlege

Kommunalsjef Helse- og omsorg er øvste leiar av etaten.

7.1.1 Overordna mål

Vang kommune skal utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.

Kommunen skal tilby naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer, differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.

Innbyggjarane skal kunne ha ein aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plagar. Me skal jobbe for auka brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.

God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver

Vang kommune skal ta omsyn til føkehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve. Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.

7.1.2 Viktige hendingar

Helse- og omsorgsetaten vedtok i 2021 ei organisasjonsjustering, der ein har endra leiarstruktur og plassering av nokre av tenesteområda. Endringa er iverksett frå 1. februar 2022. Erfaringa med organisasjonsendringa er så langt svært positiv, med gode resultat av auka nærleing.

Fyrste del av 2022 var det framleis mange ekstra oppgåver og tiltak på grunn av Covid 19. Tenestar på alle nivå har hatt restriksjonar og ekstra smitteverntiltak i tråd med nasjonale føringar. Etter at landet opna opp att har det vore mykje smitte både hjå tilsette og pasientar. For tilsette har det medført at mange har vore sjuke samstundes, som igjen har medført utstrekt bruk av overtid og forskyving av vakter.

Trass i pandemi har dei ordinære tenestane vore gjennomført med få avvik. Det er i tillegg jobba med fleire store prosjekt, t.d Velferdsteknologi, Ung i Vang og Leva heile livet i Vang og Rusta for framtida. Alle desse prosjekta er tiltak for å sikre ei bærekraftig utvikling av helse- og omsorgstenestane i kommunen, der ein jobbar for at alle skal sikrast god helse- og livskvalitet og likeverdige tenester.

Leva heile livet i Vang jobbar gjennom fleire delprosjekt med mellom anna aldersvenleg samfunnsutvikling for at lokalsamfunnet Vang skal vera berekraftig også i framtida. Gjennom Rusta for framtida og Velferd i Valdres har helse- og omsorgsetaten jobba med nye måtar å organisere tenestene på, nye måtar å gje tenester, samt sjå på oppgåvefordeling og samarbeid mellom helsepersonell og pårørande, friviljuge, næringsliv samt ved bruk av teknologi.

Sjukefråværet i etaten har samla vore på 8% (1880 dagsverk) mot 9,2 % (2015 dagsverk) i 2021. Det har vore ei lita auke i korttidsfråværet, medan langtidsfråværet har gått ned frå 7,1 til 5,5%. 1,5% av fråværet i 2022 er meldt grunna korona.

Helse- og omsorgsetaten opplever store utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell. Det er utfordrande å rekruttere vikarar og fast tilsette. Etaten har nytta bemanningsfirma for å dekke stillingar for helsefagarbeidar, sjukepleiar og lege. Dette har gjeve meirkostnadar. Etaten jobbar med ulike tiltak for å sikre rekruttering til fagområdet. Prosjekt Stovevakt er eit godt døme på tiltak der ein rekrutterer ungdomsskuleelevar for å jobbe på sjukeheimen på helg med aktivisering, samtaler og enkel servering på stovene. Her får dei høve til å bli kjende med tenesteområdet, for å sjå om det er aktuelt for dei å ta utdanning innan helse- og omsorg.

Interkommunale samarbeid

Vestre Slidre kommune vertskommune:

- Vang og Vestre Slidre barnevernsteneste
- Kommunepsykolog Vang, Øystre- og Vestre Slidre

Nord-Aurdal kommune vertskommune:

- Helsesjukepleiar Valdres vgs

- Valdres lokalmedisinske senter eigedom (VLMS-E)
- Legevakt
- Kommunale akutte døgnplassar (KAD)
- Intermediæravdeling
- Kommunejordmorteneste
- Kreftkoordinator

Sjå egne årsmeldingar.

Folkehelse

Vang kommune har frå august 2022 fått ny folkehelsekoordinator, då tidlegare tilsett gjekk over i ny jobb i annan kommune. Stillinga for folkehelsekoordinator er frå same tidspunkt auka frå 20% til 50% stilling.

Gjennomførte aktivitetar og oppgåver

- Oppdatering av folkehelseoversikta for Vang kommune. Jamfør folkehelseloven § 5 skal folkehelsekoordinator og folkehelseteamet halde oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt være i fronten ved å identifisere folkehelseutfordringar, planlegge og følgje opp tiltak. Teamet har faste møter cirka seks gonger i året og ved behov.
- Deltaking i *Folkehelseforum Valdres*. Forumet er for folkehelseansvarlege i alle Valdres kommunane og meint for erfaringsdeling og interkommunalt samarbeid.
- Medlem i *førebyggjande team (tidl. rusgruppa)* i Vang kommune. Medlem her er instansar som jobbar med barn og unge for å følgje opp ungdomsmiljøet i Vang.
- Folkehelsekoordinator og enkelte i teamet har delteke på den årlege Folkehelsekonferansen. Årets tema var “Fra økende ulikheter til bærekraftig utvikling”.
- Prosjektarbeid:
 - Leva heile livet i Vang
 - Plan for friluftslivets ferdselsårer
 - Inkluderande frivilligheit
 - Aktive saman
- Ein ny variant av fysisk aktivitet konkurransen for tilsette vart vidareført i fyrste halvår 2022.
- Folkehelsekoordinator har også fokusert på oversiktsarbeid over ulike tiltak som finnes opp mot folkehelseutfordringane i kommunen.
- Søknadsarbeid: M.a søkt på midlar ilag med Frivilligsentralen og Vang barne og ungdomsskole til barne- ungdom og familiedirektoratet til fritidskasse, smaksverksted, lågterskel møteplass og «inkluderande frivilligheit» prosjektet. Midlar til fritidskassa vart utprøvd i 2022, med gode resultat.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
30-Kommunalsjef HO	1 423	2 200	1 875	-325	-17,3 %
31-Helseavdeling	8 119	9 583	8 470	-1 113	-13,1 %
32-Vang legekantor	7 484	5 541	4 507	-1 034	-22,9 %
33-NAV og barnevern	4 512	5 199	5 250	51	1,0 %
36-Vangsheimen og heimetenesta	39 319	43 034	39 423	-3 611	-9,2 %
39-Tilrettelagte teneter	19 106	20 676	18 784	-1 891	-10,1 %
Sum	79 963	86 232	78 309	-7 923	-10,1 %

7.1.3 Kommentar til status økonomi

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto meirforbruk 7.852.494 kr. Vel 2 mill kr av dette skuldast meir i pensjonsutgifter enn budsjettet. Vidare var det meirutgifter knytt til lønsutgifter / tillegg knytt framforhandla av avtale med KS for for helsepersonell i turnus og vakttillegg i etaten som ikkje var budsjettet.

Elles så vart det til dømes meirutgifter knytt til Vang kommune sin andel av interkommunale tenester releatert til til legevakt med 1 mill kr og relatert til barnevern med 0,7 mill kr

Ytterlegare kommentarar til økonomisk status og budsjettavvik er kommunentert under tenesteområda i etaten.

Etaten har i hovudsak god budsjettkontroll, men har nokre avvik i 2022:

Lønsområdet:

- Meirforbruk på **fastløn** på fleire område grunna
 - følgjefeil i budsjetteringa frå 2020 og 2021
 - feil i teknisk overføring frå Visma til Framsikt
 - Manglande budsjettering på nokre postar
 - Covid 19: Innleige av ekstra personell til ulike oppgåver
- **Overtid:**
 - Korona-avtalen som vart framforhandla av sentrale partar kosta omlag 600'
 - Samtidig fråvær grunna smitteutbrot har medført utstrakt bruk av overtid og forskyving av vakter

Varer og tenester

- Ekstra stort forbruk av eindele utstyr - td. smittevernustyr
- Auka prisar på matvarer, og drivstoff har ført til meirutgifter
- omfordeling av utgifter frå sentraladministrasjon til tenesteområde, td forsikringar
- Interkommunale tenester mellom anna:
 - meirutgifter til legevakt for å sikre kompetanse og bemanning
 - meirutgifter til byggdrift VLMS

Inntekter

- Meirinntekt salsinntekter, m.a brukarbetaling
- Auke i nokon refusjonar, td. sjukeløn

7.1.4 KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2021	Vang 2022	Etnedal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
Befolkning								
Befolkning - Personer som bor alene, 45 år +	27,6	27,2	34,5	29,2	28,4	30,3		27,6
Prioritet								
Helse- og omsorg korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	54 728	53 307	47 887	40 184	38 171	54 685	49 075	36 254
Helse- og omsorg Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	44 760	45 408	38 371	35 808	29 604	45 001	41 092	31 474

Helse- og omsorg nettodriftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	53 370	51 038	47 982	37 571	38 004	43 169	45 471	32 492
Helse- og omsorgstjenester i institusjon korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	17 308	18 887	17 638	18 383	10 847	15 156	15 633	11 834
Helse- og omsorgstjenester i institusjon nettodriftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	10 781	12 031	9 123	13 334	8 256	9 016	10 112	8 088
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	20 837	19 454	15 047	13 489	16 035	25 216	20 863	16 952
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	19 952	18 645	14 206	12 522	13 912	22 804	19 228	15 867
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende nettodriftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	13 883	12 888	8 705	7 971	13 140	17 578	14 394	12 274
Institusjonslokaler korrigerede brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	4 927	4 414	6 165	1 308	4 356	2 556	3 022	1 736
Institusjonslokaler lønn ekskl. sykelønn andel av totale utgifter (prosent)	1,8 %	1,7 %	1,1 %	0,2 %	1,4 %	0,5 %	1,0 %	0,9 %
Institusjonslokaler nettodriftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	5,0 %	5,7 %	4,8 %	1,0 %	4,9 %	1,7 %	3,1 %	2,3 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	182 535	178 950	478 750	323 160	392 135	304 574	286 349	304 428
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	13 101	11 636	35 299	23 752	31 706	20 322	19 097	17 014
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	14,5	11,2	10,0	14,1	12,2	16,4	13,5	14,5
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak *)	123 018	103 300	310 000	162 560	270 081	191 059	182 515	215 050
Korrigerede brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 037 886	1 229 677	1 340 591	2 058 650	1 389 861	1 596 775	1 510 853	1 477 675
Dekningsgrad								
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,8 %	2,5 %	4,2 %	4,1 %	4,0 %	2,6 %	3,4 %	3,0 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,5 %	4,0 %	7,3 %	5,7 %	5,1 %	5,3 %	4,3 %	4,4 %
Kvalitet								
Gjennomsnittlig listelengde	494,0	497,0	454,0	592,0	1 119,0	708,0	614,0	918,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	8,2	8,6	11,5	9,2	6,2	5,4	6,7	6,2

7.2 Kommunalsjef HO

Overordna mål

Kommunalsjef for helse- og omsorg har det overordna ansvaret for etaten: Økonomi, personal, informasjon og utvikling.

Kommunalsjefen deltek m.a i kommunedirektøren si leiargruppe og kommunen si kriseleiing. Kommunalsjefen

Kommunalsjefen møter fast i helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Kommunalsjefen er regionen sin representant i Geografisk Samarbeidsutval (GSU) og Lokalt administrativt samarbeidsutval psykiatri i Sjukehuset Innlandet.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 423	2 200	1 875	-325	-17,3 %

7.3 Helseavdeling

Helseavdelinga består frå 2022 av desse tenesteområda: Helsestasjon- skulehelseteneste, frisklivssentral, psykisk helseteneste, fysioterapi, ergoterapi og sjukepleiar på asylmottak.

Det er 9 faste tilsette, totalt 7,8 årsverk.

Overordna mål

Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgsteneste- lova: Fysioterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste

Helsestasjon og skulehelseteneste:

- skal ivareta den fysiske og psykiske helsa for barn og unge i alder frå 0 til 20 år.
- gje helsefremjande og førebyggjande tilbod.
- helseundersøkingar, rettleiing og støtte til foreldre.
- oppnå 100% vaksinasjonsdekking.

Ergoterapitenesta:

- medverke til at eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer
 - ved råd, rettleiing, bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemidler.
 - trening og rehabilitering heime og i institusjon

Fysioterapitenesta:

- førebygging, trening og rehabilitering

Psykisk helseteneste:

- medverke til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdomar
- nært samarbeid med sjukehusa, og eventuelt andre kommunar.
- fremje brukarmedverknad.
- fremje og auke livskvalitet og evna til å meistre eige liv på tross av utfordringar

Frisklivssentralen:

- medverke til sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet gjennom grupperetta og individretta tiltak

Folkehelse: Oversyn og planlegging etter folkehelselova, miljøretta helsevern, smittevern og ulike folkehelseiltak.

- Folkehelseaspektet skal vurderast ved all kommunal aktivitet og planarbeid.
- Auke interessa for livsstil i befolkninga, spesielt fysisk aktivitet
- Jobbe aktivt for å få fremje psykisk helse og livskvalitet gjennom regjeringa sitt 10-årige folkehelseprogram.
- Oppdatert oversyn over folkehelsa.

Viktige hendingar

Helseavdelinga har hatt store endringar i personalgruppa i 2022, då fleire av tilsette har slutta eller søkt permisjon. Det er ikkje vore dramatisk knytt til dette, men tilsette har enten gått av med pensjon, flytta eller hatt ynskje å jobbe med noko anna.

Da einingane er små, kan det vere krevjande å oppretthalde tenester i overgangar; spesielt frisklivssentralen vart råka av dette. Det har likevel lykkast å tilsette nye, kvalifiserte personar og i utgangen av 2022 var det nesten normal drift på alle einingar.

- Compilo blir nytta som system for internkontroll. Det er ikkje rapportert om alvorlege avvik.
- Vernerunde og medarbeidersamtalar er gjennomført.
- Sjukefråværet har vore på 5,6% samla i 2022, ei lita auke frå 3,5% i 2021, samt det ble innvilga ein permisjon på 12mnd.

Alle tenester er no lokalisert i Vangstunet.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

100% stillinga på helsestasjon har i det siste året vore ei kombinert stilling som utøvande helsesjukepleiar, leiende helsesjukepleiar og leiar for helseavdelinga. Oppgåvene har etter kvart blitt mange og på hausten vart det difor laga eit forslag å auke stillinga på helsestasjon med ein ny 80% oppretta stilling. Dette vart godkjent av kommunestyret i desember og lagt i budsjett til 2023. Med økt ressurs kan helsestasjon tilby meir familieveiledning, COS-p-kurs osv. Nytt for kommunen vil og vere lovpålagte barnekoordinatorstilling, som kan no ivaretakast av helsestasjon.

- Legerressurs på helsestasjon er uendra, ca. 0,1 %.
- Det ble fødd 19 barn i Vang i 2022. Alle barna har fått helsestasjonstilbod- og helsekontrollar jf. Helseinspektatets veileder og retningslinjer. Utfordringa har vore å fange alle barn på mottaket da dei har ofte vore i kommune berre ein kort tid før busetting.
- Helsestasjon har, i samarbeid med frivilligsentralen, starta opp med barseltreff. Dette arrangerast anna kvar veka på frivillighetsentralen. Målet med treffet er å ha ein nøytral arena der foreldre kan blir kjent med andre i same situasjon og relasjonsbygging mellom foreldre allereie før barnehagestart. Det ble og arrangert fyrstehjelpskurs på barseltreff med ekstern, godkjent kursholdar. Det har vært bra oppmøte på treffane.
- Det ble utlyst helsesjukepleiarvikariat for 12 månader i slutten av 2021, da ein av dei tilsette søkte permisjon frå sin 50% stilling. Frå 1.1.2022 var vikar på plass. 50% ble da økt da med 30%. Vikaren fekk skulehelsetenesta som hovudansvarsområde.
- Skulehelseteneste fekk auka ressursen frå 50% til 80% prosent i fyrste halvåret 2022. Det har lenge vore ynskjeleg å styrke skulehelsetenesta og erfaringar som ein har gjort i 2022 tilseier at dette òg er nødvendig.
- Det er over 25 elever på mellom- og ungdomstrinnet som går fast til samtale hjå skulehelsesjukepleiar. I tillegg er arbeidsoppgåver dei lovpålagte årskontrollar, vaksinerings, koordinatorarbeid og undervisning og «drop in» samtaler.

Ved tilsetting av vikar og aukiing av ressurs vart helsesjukepleiar òg sterkare tilknytt til prosjektet «Ungdomshelse». Prosjektet starta i 2020, fortsett til 2021 og 2022, og no er midlane innvilga

og sikra ut 2023. Prosjektet er finansiert med tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet og tilsvara totalt ein 50% stilling. Midlane vart i oppstartfasa delt i mellom frisklivsrettlear 30%, psykiatrisk sjukepleiar 10% og helsesjukepleiar 10%. Frisklivsrettlear var utnemnt som prosjektleiar. Helsedirektoratet har i seinare tid endra vilkåra til midlane, slik at det er strengare regulert kva for ein yrkesgruppe dei kan brukast til. Dette, saman med det at frisklivsrettlear gjekk av frå stillinga i sumaren 2022, ble det naturleg å gjere omdreiing slik at helsesjukepleiar stillinga blir finansiert totalt i 40% og frisklivsrettlear i 10% som merkantilressurs. Dette gjorde mogleg å auka helsesjukepleiarstillinga ytterlegare med 10% frå hausten 2022. Psykiatrisk sjukepleiar fortsett å vere med, men dette er dekket frå dei ordinære lønsmidlar.

Prosjektet har etter kvart fått namn «Ung i Vang» og overordna mål er å auke kunnskap hjå ungdomar om fysisk og psykisk helse, samt auke tilgjengelegheit av fagpersonar. Ung i Vang er med i ungdomsklubben ein gang i månad, både med noko aktivitetar og mat. I tillegg har helsesjukepleiar vore med på ungdomstrinnet på fleire av deira FRI-Natt turar som til dømes sykkeltur, segltur, Jotunheimetur.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen er ein kommunal helse- og omsorgsteneste med tilbod om hjelp til å endre levevanar. Brukarar av frisklivssentralen får individuell oppfølging med frisklivsresept over tre månader. Resepten inneheld rettleiing, motivasjonssamtale og kartlegging av behov, primært innanfor områda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk. Det har vore mellom 40-50 personar som har nytta frisklivssentralen sine treningstilbod. Disse har blitt tilvist av lege, skule, psykisk helseteneste, helsesjukepleiar eller fysioterapeut.

Faste tilbod gjennom heile året:

- Gruppetreningar: styrke, balanse og kondisjon
- Treningsavtale med Ryfoss treningssenter. Avtalen går ut på at deltakarar av friskliv kan få ein treningsperiode på senteret i 3 månader for 300 kroner

Regionale tilbod ved Frisklivssentralane i Valdres:

- søvnkurs
- tobakkslutt-kurs
- Bra Mat kurs

Frisklivsrettlear deltek i folkehelseforum Valdres kor andre frisklivsrettlearar i Valdres kommunane deltek for erfaringsdeling og samarbeid.

Økonomi: Ved individuell oppfølging, treningskort eller kurs må deltakarar betala ein eigenandel på 300 kroner. Hovudutgiftene til Frisklivssentralen går til treningskort og matvarer.

Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: Samtalar har vorte journalført i e-journalsystemet «profil».

Frisklivssentralen i Vang har frisklivsrettlear i 40 % fast stilling og i tillegg er det 10% tilknytt til prosjekt Ung i Vang (les meir ved helsestasjon), totalt da 50% ut 2023. I juni 2022 slutta dåverande frisklivsrettlear i kommune og stillinga vart lyst ut. Prosessen tok lang tid pga sumarferie og andre gangs utlysinga og tenesta vart difor ubemanna over tre månader. Nye frisklivsrettleiar har vore på «Sterk og stødig» kursveileder- kurs saman med kommunal fysioterapeut og målet er å sette i gang «Sterk og Stødig» treningsgrupper i 2023. <https://www.aldringoghelse.no/fysisk-helse/laer-mer-om-fysisk-helse/sterk-og-stodig/>

Vang fysikalske institutt

Fysioterapitenesta vart i 2022 organisert under leiar for helseavdeling.

Kommunefysioterapeuten har 50 % av sitt arbeid innanfor pleie- og omsorg:

- behandling i pasienten sin heim,
- behandling på korttids- og langtidsavdelingane på Vangsheimen
- etterrehabilitering på Vang Fysikalske institutt.
- Fallforebyggjande trening i 2 grupper ble gjennomført i samarbeid med dagsenter.
- Kommunefysioterapeut deltar i 2-vekentlege tverrfaglege møte med deltakarar frå korttidsavdeling og heimetenesta og ergoterapeut.
- Fysioterapeuten delar ansvar for tekniske hjelpemiddel, både korttidsutlån frå kommunen og langtidsutlån gjennom hjelpemiddelsentral, med ergoterapeuten.
- Fysioterapeuten er kommunen sin kontaktperson med NAV Hjelpemiddelsentral i Oppland.

Innan skulehelsetenesta har det vore oppfølging av nokre elevar. I tillegg har fysioterapeut deltatt i tverrfaglege ansvarsgruppemøte og individuelle planarbeid. Fysioterapi-vikaren har hatt oppfølging av fleire barn i alder 0-5år.

Avdelinga har lenge hatt behov for å oppgraderte dørar til behandlingsromma. Disse har ikkje vore godt nok lydette og det har kome avviksmeldingar. Dørene vart skifta ut i desember 2022 med tilfredsstillande resultat. Det er òg meldt behov for å bytte ut eit av treningsapparat ganske snarleg noko som ble søkt, og innvilga, inn på budsjettet for 2023.

Tenesta har og hatt endringar i staben etter kommunale fysioterapeuten valte å gå av med pensjon i august. Stillinga vart lyst ut og det lukkast å finne ein ny tilsett som kunne tre inne i stillinga nesten utan noko særleg ventetid.

Det er framleis ein avtalefysioterapeut i sjukmelding, men det har blitt dekkja opp av 1 fast vikar. Elles har det ikkje vore nemneverdig sjukefråvær.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste skal medverke til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdomar, i nært samarbeid med sjukehusa, og eventuelt andre kommunar.

- Tenesten vil fremje brukarmedverknad og har tatt i bruk feedback system Norse feedback.

Det er aukande utfordringar knytt til psykisk helse i samfunnet, i alle aldersgrupper.

- Psykisk helseteneste er eit frivillig og kostnadsfritt lågterskeltilbod til alle som bur i kommunen.
- Tenesta har 2.7 årsverk, fagleiar i 100% stilling og to 80% stillingar som psykiatrisk sjukepleiar.
- Tenesta tilbyr førebyggjande tiltak, støtte og behandling av psykiske vanskar og/ eller rusvanskar.

Tenesta samarbeider tett med kommunepsykologen, som har 33,3% stilling i Vang. Ho jobbar klinisk med barn- og ungdom, men bidrar med rettleiing, samt drøfting av tilvisingar saman med staben. Psykisk helseteneste har mykje samarbeid med fastlegar, distriktpsykiatrisk senter, pårørande, samt andre hjelpe instansar for at menneske skal få eit heilskapleg og best mogleg tilbod. Dette krev at den det gjeld, samtykker.

Det har vore redusert bemanning i tenesten gjennom heile 2022. Ein av dei tilsette slutta i mars, mens ei anna kom tilbake i april etter ein permisjon. Ein nyttilsett måtte uventa returnerast tilbake til sine gamle arbeidsoppgåvene når krigen i Ukraina braut ut og det ble behov å opna asylmottak att. Det var lenge knytt usikkerheit kor lenge akutt innkvartering ville vare ved og difor ein valte å vente med å utlyse stillinga på

nytt. Da mottaket gjekk over til ordinær drift, ble stillinga i psykisk helse lyst ut og i desember vart tilsetjingsprosessen ferdig. Teneste blir full bemanna i fyrste kvartal av 2023.

Sjukepleiar på mottak

I løpet av 2021 ble det klart at Vang mottakssenter ikkje fekk fornya kontrakt og mottak ble avvikla i slutten av desember i 2021. Sjukepleiar på mottak gjekk over til nye oppgåver på psykisk helseteneste, samt at det var framleis ein del papirarbeid i fyrste kvartal av 2022 knytt til avviklinga.

Raskt etter krigen brøyt ut i Ukraina i februar 2022, ble mottaket opna oppatt. Fyrst som eit akutt innkvarteringa med overgang til ordinært mottak i oktober 2022. For å kunne gje eit godt helsetilbod til asylsøkjjarar, ble det bestemt å ha sjukepleier i teneste på mottak, slik som det har vore før.

Hovudoppgåvene på mottaket er :

- tuberkulose-kontroller,
- helsekartlegging av asylsøkarar,
- hjelpe asylsøkjjarar med helserelevante spørsmål
- hjelpe dei å komme i kontakt med helsevesenet.
- gje informasjon om helse, helsetenester i Norge, om vaksiner osv.

Drift på nåverande mottak avviker mykje frå det som var tidlegare. Det er mykje større turnover blant flyktningar da deira asylsøknadar blir behandla raskt og busetting til kommunar går raskare. Dette medfører større arbeidsbelastning da alt av kontrollar skal gjerast innan kort tid. Det kjem òg ofte fleire titals flyktningar samtidig, noko som gjer situasjonar ofte uoversiktleg.

Sjukepleiar på mottak samarbeida tett med fastlegar, sjukehusa, nav, flyktningtenesta, tannlegar, psykisk helsetenesta.

Det er 1,0 årsverk knytt til tenesta.

Ergoterapi

I 2022 har det vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling). Ergoterapistillinga vart samorganisert med Helseavdelinga (psykisk helse, fysioterapi, helsestasjon og friskliv) frå 01.02.22. Kontorplass vart endra frå Vangsheimen til Vangstunet frå same dato. Det gjekk med ein del ressursar til denne flyttinga.

Fyrste halvår 22:

- omlag 80 heimebesøk,
- oppfølging av barn i skule og barnehage, ansvarsgruppemøter m.v, til i overkant av 30 personar.
- oppfølging av personar i institusjon (både korttid og langtid).
- Mange einskildståande oppdrag i kombinasjon med oppgåver knytt til store prosjekt for bil- og bustadtilpassing eller andre større saker.
- Rettleiar for ergoterapistudent i fyrste praksisperiode på våren.
- Tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpemidler. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men og i høve til kva rettar den einskilde har til m.a naudsynte hjelpemidler. Det har vore eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.
- Skrivvedans for førskulebarna i Høre barnehage barnehageåret 2021/2022 . Det er eit godt samarbeid med barnehagen. Ungane synes det er artig og pedagogane er nytteverdigen av Skrivvedans og gjev gode tilbakemeldingar. Det vart starta opp Skrivvedans i Høre og Fredheim

barnehage i august for noverande barnehageår, men dette vart ikkje gjennomført grunna langtidssjukmelding.

- Systemansvar for SamPro (elektronisk individuell plan), og ansvar for opplæring og drift av systemet.
- Deltake i arbeid med Koordinerande Eining for habilitering og rehabilitering
- Jobba mykje med prosjekt Leve heile livet i Vang.
- Ergoterapeuten har vore inne som tillitsvald i intervju og tilsetjing av fysioterapeut og frisklivsrettleiar.
- Har delteke i prosjektet SMART hjelpemiddelformidling, saman med dei andre Valdres-kommunene.

Andre halvår 2022 vart tenesta råka av langtidssjukmelding ut året, og det var ikkje vikar i perioden. Andre faggrupper tok noko ansvar for oppgåver som ligg til tenesta, m.a søknad om hjelpemidler. Elles har oppgåver måtte vente dersom det ikkje har vore mogleg å løyse dei med samarbeid.

Hjelpemiddelformidling.

Ergoterapeut er involvert i majoriteten av søknader om hjelpemiddel. I tillegg kjem søknadar frå syns- og hørselskontakt, fysioterapeut og søknader via andre instansar.

Vaktmeister har hovudansvar for mottak, utkøyring av hjelpemidler, innhenting av større hjelpemidler, montering, service/enkle reparasjonar og retur av hjelpemidler.

I 2022 hadde NAV Hjelpemiddelsentral Gjøvik registret:

- 182 aktive brukarar av tekniske hjelpemidler i Vang.
- 56 personar fekk utlevert hjelpemidler, derav 12 nye brukarar.
- Det vart utlevert 5191 hjelpemidler,
- 216 hjelpemidler sendt i retur.
- Dei utleverte hjelpemidla har ein samla verdi på vel 2.4 mill. kroner. Dette er hjelpemidler som er finansiert gjennom folketrygda til personar som fyller kriteria for varig utlån.

I tillegg kjem utlån frå kommunalt korttidslager til heimebuande og personar i institusjon.

Pr 31.12.22 var det over 50 personar som hadde aktive utlån av eit eller fleire hjelpemidler frå kommunalt lager, med >10 nye brukarar i 2022. Hjelpemidler på korttidslager er i hovudsak «arvegods» frå NAV Hjelpemiddelsentral. Nye innkjøp til lager i 2022 var 4 toalettforhøgargar, som det ikkje er så lett å «arve» frå NAV. Ergoterapeut er hovudansvarleg for korttidslager, i samarbeid med vaktmeister og fysioterapeut. I perioden med langtidssjukmelding var det og samarbeid med innkjøpsansvarleg.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 119	9 583	8 470	-1 113	-13,1 %

7.4 Vang legekantor

Vang legekantor har ulike funksjonar; Det er eit fastlege kontor, som har legevaktsansar på dagtid. Legane deltek i interkommunal legevakt lokalisert på Fagernes på kveld og helg. Legane har kommunale oppgåver som sjukeheimslege, helsestasjonslege og kommuneoverlege.

Vang legekantor skal medverke til ei heilskapleg behandlingsskjede for pasientane, i nært samarbeid med sjukehusa, andre kommunale tenester og eventuelt andre kommunar. Tenesten vil fremje brukarmedverknad.

Fastlegelister og kapasitet

- Det er fleire ubesette fastlegeheimlar i Valdres. Dette medfører auka pågang frå innbyggjarane i andre kommunar for å få fastlege i Vang. Det er for tida kun ein lege i Vang som har ledig plass på si fastlegeliste.
- Legeforeningen tilrår at størrelsen på pasientlista er omlag 150-200 pasienter per kurative dag (tid avsatt til pasientretta arbeid), som følgje av dagens arbeidsbelastning som fastlege.
- Listelengda til samtlege fastlegar i kommunen er redusert i høve til kurativ tid. Bebuarar på asylmottaket i kommunen kjem i tillegg til listepasientaivarar.
- Legekantoret fungerer som legevakt i tidsrommet 8-15. I dette tidsrommet ivaretek legekantoret også augeblikkeleg hjelp hjå deltidsinnbyggjarar, turistar og andre som oppheld seg i kommunen.
-

Interkommunal legevakt

- Legevakt er ikkje medrekna i kommunal arbeidstid.
- Vang har for tida 3 av 3 leger i vaktdyktig alder (under 60 år), som med det deltek i interkommunal legevaktsordning.
- Oppsett legevaktsturnus tilsvarar ein stillingsprosent på omtrent 45%.
- Legevakt fører til fråvær på grunn av fri etter nattevakt, og tidleg avreise til vakt som byrjar på Fagernes kl 15.00.
- Vang kommune har fastlegar tilsett i 2.6 årsverk. Totalt inkludert legevakt tilsvarar arbeidet legane i Vang utfører ca 3.95 årsverk (sjå eigen tabell)
-

Asylmottak

- Det har siste tida vore rundt 140 bebuarar på mottaket. Asylsøklararj er ikkje tilknytt fastlegeordninga og kjem i tillegg til listepasientar
- Konsultasjonar med pasientar frå mottaket er ekstra ressurskrevjande av fleire grunnar
 - Bruk av tolk
 - Kartlegging av tidlegare sjukdommar, medisiner osv. er krevjande, både pga språk, ulik kultur for medisinbruk, samt andre medikament i heimlandet enn i Norge
 - Høg utskifting grunna rask busetjing, og med det stadig nye pasientar og problemstillingar

Total arbeidbelastning/tidsbruk legar 2022

Funksjon	Lege 1	Lege 2	Lege 3	Totalt	Årsverk
Pasientkonsultasjonar	18.75 t/uke	22.5 t/uke	18.75 t/uke	60 t/uke	1.6
Faste møter *	1 t/uke	1 t/uke	1 t/uke	3 t/uke	
Administrasjon	3.75 t/uke	3.75 t/uke	3.75 t/uke	11.25 t/uke	0.3
Vangsheimen		3.75 t/uke	3.75 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Helsestasjon	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
Smittevern			7.5 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Miljøretta helsevern			3.75 t/uke	3.75 t/uke	0.1
Leiar	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
SUM utan legevakt	30 t/uke **	30 t/uke	37.5t ***		2.6
Legevakt	16.875t/uke	16.875t/uke	16.875t/uke		1.35
Sum					3.95

* Faste møte: møte med heimesjukepleie, psykisk helse og sjukepleiar mottak. Inngår i pasientkonsultasjonstida.

** Har på papiret 90% stilling, men 10% tas ut i avtalt avspasering og feriar som er opparbeida over tid.

*** Stillinga har ein periode vore delt i 90% (vikar) + 10% pga permisjon.

Viktige hendingar

Bemanning medarbeidarar

- Legekantoret har hatt stabil bemanning på medarbeidersida i 2022.
- Vi har 2,1 årsverk fordelt på tre personar (100%, 50% og 60%)
- Det er jobba for at det er to medarbeidarar på legekantoret kvar dag for å betene telefon/resepsjon, samt laboratoriet og skadestove.
- Medarbeidarane disponerer elles dagen sin på ein god og sjølvstendig måte, og det har ikkje vore behov for bruk av vikar.

Bemanning legar

Kommuneoverlegen har hatt foreldrepermisjon større deler av 2022, og det har difor vore behov for vikarlege på kontoret. I tillegg har vi hatt noko sjukefråvær relatert til covid, samt at ein lege har avvikla utdanningspermisjon i to månader. Frå oktober 2022 har det vore stabil lege situasjon med ein fast vikarlege og to faste legar.

Arbeidsoppgåver som har vore omfordelt på grunn av foreldrepermisjon:

- Lege i permisjon har hatt gradert stilling og handtert kommuneoverlegoppgåver knytt til miljøretta helsevern.
- Vikarlege har hatt ansvar for kommuneoverlegeoppgåva smittevern
- Fast tilsett lege har hatt mellomleiarstillinga.

For 2022 viser statistikken at totalt antal konsultasjonar har gått litt ned frå 2021, men likevel auka belastning og fleire konsultasjonar på faste legar som følgje av låg bemanning og vikarbruk.

Annet fra 2022

- Det ble søkt om investeringer fra investeringsbudsjettet da det er behov for nytt utstyr
- Det er fra legekantoret søkt om
 - Intraossøs drill til akuttberedskap
 - Ultralydapparat til å ha på kantoret
 - Håndholdt ultralyd til bruk i akutte situasjoner

Planer og ønsker for 2023

- En medarbeider går av med pensjon, så det blir behov for nyansettelse. Omdisponeres midler til å øke stillingen fra 50% til 60%
- Gjøre investeringer innvilget i investeringsbudsjett, samt oppgradere utrykningsklær, da det er behov for utrykningsklær som tåler vær og vind.
- Kartlegge og vurdere mulighet for turnuslege, for å bedre kapasitet på legekantoret, redusere arbeidsbelastning på faste leger, samt bidra til kompetanseheving.
- Mål om å gi god og forsvarlig helsehjelp, og bidra til godt samarbeid tverrfaglig i kommunen, med andre kommuner og spesialisthelsetjenesten.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	7 484	5 541	4 507	-1 034	-22,9 %

7.5 NAV og barnevern

Barnevern

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Tiltak i planperioden 2021-2024:

1. Fullføre kompetanseheving- 3 tilsette som er under utdanning
2. Bygge kompetanse på fosterheim lokalt for å imøtekoma barnevernreformen
3. Styrking med 1 årsverk for å fylje opp nye oppgåver jf. reformen

NAV Valdres

Sosialt førebyggjande arbeid.

Sjå eige årsmelding frå vertskommunen

Barnevern (Felles Vestre Slidre – Vang)

Hendingar og aktivitetar

- Vi har ei kvalitativt god teneste, men med 5,3 fag stillingar og 0,4 stilling merkantil, tilseier størrelsen at tenesta blir svært sårbar ved for eksempel sjukdom. I tillegg er det eit engasjement på 0,4 fag stilling. Denne ekstra ressursen kom inn som eit ledd i å avslutte innleigde private konsulentar. For å ruste tenesta til å imøtekome nye krav jf oppvekstreforma, vart det i desember 21 vedteke å gje ei styrking på 0,9 fag stilling.
- Barnevern er definert som ein samfunnskritisk teneste og det er viktig at tenesta opprettheld tilnærma normal drift til trass i pandemi. Det har vore viktig for oss at det er bemanning på kontoret kvar dag med tanke på tilgjengeleg heit. Informasjon til samarbeidspartar om tilgjengeleg heit og kontakt informasjon er sendt ut. Digitale løysningar har vore nyttige verktøy for å kunne oppretthalde møteverksemd både internt, og med samarbeidspartnarar og klientar. Hausten 2021 oppretta tenesta ein vakttelefon, der vi skal vera tilgjengeleg for henvendingar i kjernetida (kl 09 -15).
- I 2020 starta vi eit prosjekt innanfor læringsnettverk. Målet med prosjektet er at barna som barneverntenesta er i kontakt med skal oppleve å ha ein auka brukarmedverknad. Prosjektet går på tvers av kommunar, og vi er i eit samarbeid med interkommunal barnevernteneste i Valdres og barneverntenesta i Stor-Elvdal. Prosjektet vart avslutta hausten 2021.
- Det har i 2021 vore tre under vidareutdanning på deltid ved kontoret. To fullførte si spesialisering i sped- og småbarns psykiske helse, og ein har starta på studiet «barnevernfaglege vurderingar». Dette er ei vidareutdanning som imøtekjem kravet til kompetanse som kjem i ny barnevernlov frå 2023.
- Pr. 31.12.21 var det 20 barn med frivillige hjelpetiltak (14 i Vestre Slidre og 16 i Vang). 5 barn under omsorg (5 i Vestre Slidre og 0 i Vang). Det var tilsaman gjennomført og avslutta 27 undersøkingar for begge kommunane (16 i Vestre Slidre og 11 i Vang).
- Antal bekymringsmeldingar 2021: 33 (16 for Vestre Slidre og 17 i Vang). Når det gjeld bekymringsmeldingar har det vore endringar i måten dei skal registrerast i fagsystemet, dette kan gje utslag i statistikken.
- Det var pr. 31.12.21 2 barn plassert frå andre kommunar som er under 18 år (1 i Vestre Slidre og 1 i Vang). Dette er barn som kommunen har tilsynsansvar for. Tilsynsansvaret er delegert til Felles barnevernteneste i begge kommunane.
- Barneverntenesta har eit utstrakt og godt samarbeid med andre faginstansar i kommunane og andre.
- Valdres er knytta til barnevernvakta på Ringerike. I desember 2021 vart denne avtala sagt opp regionen jobbar med ny løysing gjeldande frå 2023.
- I frå 01.01.22 trådte oppvekstreformen i kraft. Kommunane fekk då det heile og fulle ansvar for fosterheimane, både økonomisk og oppfølging. To av våre tilsette er meldt opp til kursing i Trygg base metoden oppstart februar 2022, dette er eit viktig kurs for kompetanseheving innan fosterheimsarbeidet.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 512	5 199	5 250	51	1,0 %

7.6 Vangsheimen og heimetenesta

Beskriving av etaten

Vangsheimen har 16 langtidsplassar, 10 korttidsplassar og ein tryggleiksplass. Heimetenestane tilbyr m.a heimesjukepleie (dag, kveld og natt), praktisk bistand/heimehjelp, tryggleiksteknologi,

middagsombringning, dagtilbod. I tillegg omfattar verksemda dagsenter, kjøken / kantine, reinhald og vaskeri.

Årsverk Vangsheimen og heimebaserte tenester:

Avdeling	Stillinger	Årsverk
Leiging Vangsheimen og heimetenesta	5	2,3
Merkantil	2	1,5
Vangsheimen langtid	42	21,17
Kortid, heimesjukepleie og heimhjelp	35	19,29
Dagsenter VAS og Solgløtt	5	1,86
Kjøken, reinhald og vaskeri	11	6,81

Målsetjingar 2022

- Utvikle gode og berekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi og nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Gode arbeidsfellesskap med kontinuerleg fokus på psykososialt arbeidsmiljø

Viktige hendingar

Langtidsavdelinga

I 2022 har det vore fullt belegg på sjukeheimen, det er 22 personar som har hatt langtidsopphald i perioden.

Pleietyngde på langtidsavdelinga har auka dei siste åra. «Leve heile livet» på sjukeheim krev ein meir pasient sentrert omsorg. Det krevst omdisponering av ressursar og auka / endraking kompetanse.

Det har i 2022 vore gjennomført omorganisering av helse- og omsorgsetaten. Omorganiseringa blei iverksett frå 1. februar og inneber styrking av kompetanse og bemanning på langtidsavdelingane, samt omorganisering av leiarstrukturen. Det er no færre tilsette per leiar og det har vore sterkt fokus på nærleing etter omorganisering.

På grunn av korona og andre luftvegsinfeksjonar i 2022, har det vore utfordringar med mange tilsette som har vore sjuke med luftvegsinfeksjonar samtidig. Det har i periodar ført til høgt korttidsfråvær og bruk av overtid. Likevel har samla fråvær på langtidsavdelinga gått vesentleg ned frå 17 % i 2021, til 5,8 % i 2022. Dette kan mellom anna tilskrivas styrking av bemanning og kompetanse, samt nærleing, som følgje av omorganisering.

Korttidsavdelinga

Det har vore 102 korttidsopphald i 2022, dette er en oppgang frå 82 opphald i 2021.

Avlastingsopphald held seg relativt stabilt, det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald/ rehabiliteringsopphald.

Det er god kapasitet på korttids plassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegg, og det varierer raskt.

Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møte annankvar onsdag der ein arbeider systematisk med oppfølging og iverksetjing av tiltak for at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom.

Heimetenesta:

Ved utgangen av året var det 95 brukarar i heimetenesta.

83 fekk heimesjukepleie. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg.

Ved årskiftet var det 22 personar som fekk tilkøyrte varm middag, 45 brukarar har tryggleiksalarm.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte annankvar onsdag. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar, og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av oppfølging og rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim, slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim.

Heimetenesta har i 2022 delteke i programmet "Rusta for Framtida" i regi av KS Innlandet. Målet for programmet er å auke tilsette og leiarar si forståing av at vi framover må yte tenester på nye og andre måtar enn vi gjer i dag. Bemanningsleiing, arbeidstidsplanlegging og oppgåvedeling er grunnlaget for å skape kvalitet, kontinuitet og berekraftige helsetenester i framtida.

I 2022 starta DHO- prosjekt (digital hjemmeoppfølging) i Valdres. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom alle Valdres kommunane, kommunene i Nord- Gudbrandsdalen og Sør- Østerdal og skal gjennomførast i perioden 2022-2024. Prosjektet driftast med tilskottsmiddel frå Helsedirektoratet. Her skal ulike typar velferdsteknologi testast ut og implementerast for å skape meir bærekraftige helstenester. Fyrst ut er såroppfølging ved bruk av hodekamera, der brukarar med sår kan få oppfølging av sårpoliklinikk på Gjøvik/ Lillehammer via hodekamara som heimetenesten administrerer.

Også på korttidsavdelinga og i heimetenesta har det på grunn av korona og andre luftvegsinfeksjonar i 2022, i periodar vore utfordringar med mange tilsette som har vorte sjuke med luftvegsinfeksjonar samtidig. Det har i periodar ført til høgt korttidsfråvær og bruk av overtid. Totalfråværet på korttid og i heimetenesten har vore stabilt med 8,6 % i 2022, samanlikna med 7,4 % i 2021.

Dagsenteret

Dagsenter Vangsheimen:

I 2022 har det vore 24 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar. Aktivitet og sosialt samvær er i fokus.

Dagsenter Solgløtt:

Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Tilbodet har hatt 7 brukarar i 2022 fordelt på to dagar.

Aktivitetar er tilrettelagt for dei som deltek. Dei lagar lunsj og middag i fellesskap og får eit triveleg måltid saman. Personalet avlastar heimetenesta og har eit tett samarbeid. Frivilligsentralen: Frivillege serverar middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær, song og høgtlesing.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	39 319	43 034	39 423	-3 611	-9,2 %

7.7 Tilrettelagte tenester

Dei ulike tenestene som Tilrettelagte tenester har ansvaret for er heimla i Helse- og omsorgstjenesteloven Kap. 3.

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Rettleiing til pårørande med særskild tyngande omsorgsoppgåver
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsstønad – ved særleg stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei næraste
- Avlastning – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver
- Parkeringsbevis – for forflyttingshemma
- Ledsagerbevis – for personar som treng bistand i aktivitet.
- Koordinering av tenester
- IP - Individuell Plan

Leiar for Tilrettelagte tenester har ansvar for Base Nord - Grindatun, Base Sør - Bakkehaugen og Lund arbeidssenter, med egne avdelingsleiarar.

Det er til saman 7 kommunale bueningar ved dei to basane, som leigast ut til personar som ynskjer å bu sjølvstendig, men som treng praktisk bistand og opplæring.

Lund arbeidsbase er ein underavdeling av Valdres arbeidssenter som er godkjent av NAV som tiltaksarrangør av det arbeidsretta tiltaket Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA).

Lund arbeidsbase har 6 VTA plassar. Lund har òg fleire plassar for dagtilbod som er organisert av Tilrettelagte tenester.

Tilrettelagte tenester skal:

- Ivareta stabilitet og tryggleik i tenesteytinga.
- Vidareføre eit godt samarbeid med fleire instansar, mellom anna andre kommunale helsetenester, deriblant fysioterapi, psykiske helseteneste, samt barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, PPT, BUP, Habiliteringstenesten v/Sjukehus Innlandet, NAV og Statsforvaltar.
- Fortsatt deltaking i det interkommunale samarbeidet Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres, der ein blant anna arbeider med felles kurs og kompetanseheving innanfor tenesteområdet i Valdres.
- Gje forsvarlege tenester, og ein tilrettelagt og trygg livssituasjon for tenestemottakarar.
- God kvalitet på tenestene og brukarmedverknad

- Nytte velferdsteknologi og vidare arbeide med kvalitetssikring av dokumentasjonssystem og tverretatlege samarbeid.
- Rekruttering av personale
- Rett fagkompetanse for framtida.

Spesielt for Lund Arbeidsbase:

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med nedsett eller endra funksjonsnivå.
- Fokus på gode aktivitetar, arbeid og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda.

Tilrettelagte tenester i tal 2022:

- 43 personar hadde tenester som støttkontakt, omsorgsstønad, BPA, personlege assistentar, avlasting, trygghetsplass og aktivitetkontakt, og dagleg tilrettelegging i heimen. Desse tenestene ligg direkte under leiar for tilrettelagte tenester.
- 11 nye tenesteoppdrag vart innvilga , og 10 tenesteoppdrag vart avslutta.
- Til saman 12 personar fekk tenester frå tilsette i turnus ved base Sør og Nord.

Ein opplever auka etterspurnad om tenester, dette gjeld både omsorgsstønad, støttkontakt og tiltak i heim.

- 24,16 årsverk knytt til tenestane som blir administrert frå basane, fordelt på fire turnusområde. Dette er ei auke på 1,43 årsverk. Auka er i som følgje av 100% stilling på Lund, samt ein 43% som er lagt over frå ansvar 330 til 332. Årsverka var ved utgangen av 2022 fordelt på 42 stillingar turnus. Årsverka i turnus er til ei kvar tid knytt til enkeltvedtak på tenester. Stillinga ved Lund, for tiltak knytt til på ungdom/unge vaksne i alderen 18-25 år, har vore svært naudsynt. Ein er godt i gang med planlagte tiltak og desse fungerer godt i praksis.

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2022.

2022 har vore prega av sjukefråvær og mangel på vikarar. Dette har det vore arbeida med å finne løysingar på. Søknadsmassen er svært liten i heile helse- og omsorgstenesten. Det er framleis stort fokus på førebygging av sjukefråvær og sjukefråværsoppfølging.

Covid: Deler av planlagd møteverksemd i tilrettelagte tenester gjekk via digitale løysingar, slik at ein kunne oppretthalde samarbeid og dialog, sjølv om ein ikkje kunne møtast fysisk. Videokonferanseutstyr til basane fungerer godt.

Ein har etter koronaepidemien gått meir attende til fleksibilitet i nytte av tilsette på dei ulike basane. Dette òg fordi ein har hatt store utfordringar med fråvær.

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2022 ved Grindatun og Bakkehaugen.

- Ein har etter evaluering tilsett ein avdelingsleiar for kvar av bustadane i miljøtenesta. Begge avdelingsleiarane arbeider turnus med helg.
- Ved turnusendringar jobbar ein for heiltidskultur.
- Dokumentasjonssystemet OMHU <https://omhuapp.no/> vart teke i bruk hausten 2022, dette er eit prosjekt som skal vidareutviklast.

Ei av leilegheitane ved Grindatun er tilpassa som avlasting og tryggleiksplass/døgnopphald. Leilegheita ligg sentralt. Butikk, bibliotek og andre tilbod er lett tilgjengeleg. Leilegheita har i periodar vore nytta til hybeltrening, for dei som treng å trene på å bu sjølvstendig før ein skal flytte heimanfrå.

Aktivitatar og gjennomførte planlagte tiltak i 2022 ved Lund Arbeidsbase

- Her er tilbodet aktivitet, rettleiing, observasjon og kartlegging av behov.
- Lund Arbeidsbase har fortsett med fokus på gode aktivitatar og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda og for alle.
- Lund heldt fram med prøveprosjekt i samarbeid med Grøne Lund, der dei var med i planting, hausting og utkøying av foredla matvarer til ulike næringar. Lund hadde som tidlegare "Jobbfukt", blomster-sal til kyrkjeleg fellesråd i Nord-Aurdal. Likeeins ved-produksjon, noko som det vart utseld i 2022.
- Det vart òg produsert små-varer for sal, mykje flott i trevirke både til nytte og pynt.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	19 106	20 676	18 784	-1 891	-10,1 %

Det har vore stort sjukefråvær i periodar i 2022, samt mangel på tilsette i vakant stillingar. Tilgang til vikarar har òg vore mangelfull.

Dei tilsette med fagkompetanse som er i tenestene har stort sett fulle stillingar. Når desse må inn i arbeid grunna fråvær, vert timane ut med overtid. Mangel på, og rekruttering av, tilgjengelege vikarar er ein stor utfordring.

Utan om basane har det òg vore ei auking av førespurnad om tenester.

Me er òg i gang med å legge fleire tenester inn under dei ulike basane, dette kan gje noko overlappende avvik i ei periode.

8 Landbruk og Teknisk

8.1 Beskriving av etaten

Etaten sine hovudoppgåver

- Forvaltning
- Drift bygg og veg
- Drift vatn og avløp

Behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelsingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning og –drift, tilrettelegging nye bustadfelt, næringsbygg og areal, vedlikehald kommunale bygg, anlegg, vegar og gatelys er oppgåver som etaten har ansvar for.

8.1.1 Overordna mål

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang

8.1.2 Hovudoppgåver som etaten har gjennomført i 2022

1. Utarbeiding av rutine Innmåling, kart og matrikkel
2. Innkrevjing av gebyr
3. Strukturere planarbeidet
4. Landbruksforvaltning
5. Starta arbeidet med ROS-analyse for etaten
6. Starta opp arbeid med oppdatering av overordna ROS i kommunen
7. Definert kva oppgåver som skal ligge til leinga i etaten, slik at leiarar kan ha meir fokus på leiargjeringa
8. Starta arbeidet med oversikt over arbeidsoppgåver i etaten, og sikre at ingen oppgåver er avhengig av at ein tilsett er på jobb
9. Starte etablering av kompetanseplan for etaten

8.1.3 Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
40-Kommunalsjef LT	2 255	2 931	2 653	-277	-10,4 %
41-Plan , kart og byggesak	2 244	2 502	3 849	1 346	35,0 %
43-Drift kommunale anlegg	13 572	11 747	9 170	-2 577	-28,1 %
44-Bustadfelt og tomter	49	-9	2 025	2 034	100,5 %
45-VA	-5 584	-6 492	-10 285	-3 792	-36,9 %
47-Landbruk	2 958	5 834	5 785	-49	-0,8 %
49-Brann og feietenster	3 187	3 280	3 260	-20	-0,6 %
Sum	18 681	19 792	16 457	-3 336	-20,3 %

8.1.4 Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen for i etaten viser samla sett meirforbruk på 3,4 mill kr . Rekneskapen viser til meirinntekter knytt til byggesak og oppmålingsgebyr i 2022. Vidare vart med mindre utgifter til vedlikehald på kommunale bygg til til veg og bustadfelt . I tillegg til dette vart det resultatmessig effekt med netto avvik innan VA på grunn av mindre kapitalkostnader som skal til dekning innan sjølvkostrekneskapen innan VA i 2022 enn budsjett.

Ytterlegare kommentarar til økonomisk status og budsjettavvik er gitt pr tenesteområde.

8.1.5 KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2021	Vang 2022	Etnedal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragr 06	Innlandet
Prioritet								
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	722	490	551	621	695	703	660	624
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	97,2 %	100,0 %	90,9 %	100,0 %	86,9 %	80,3 %	88,9 %	80,2 %
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,63	0,00	1,61	0,48	0,30	0,78	0,42	0,41
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	22,7	16,5	27,4	15,8	30,4	20,6	16,5	16,8
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	229	444	94	101	123	79	148	144
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	155 844	163 409	108 063	228 800	139 000	123 947	129 218	138 683
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	5 418	6 205	6 150	5 950	6 088	3 595	4 477	5 751
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannnett med kjent alder (år)	30,0	31,0	47,0	26,0	27,0	33,0		33,0
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	525	444	464	466	452	455	0	0
Andre nøkkeltal								
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	137	136	195	183	147	139		123

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

8.2 Kommunalsjef Landbruk Teknisk

Overordna mål

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang

1. Starta opp arbeid med oppdatering av overordna ROS i kommunen
2. Gjere ferdig oversikt over arbeidsoppgåver i etaten, og sikre at ingen oppgåver er avhengig av at ein tilsett er på jobb
3. Starta arbeidet med å etablere kompetanseplan for etaten
4. Definere kva oppgåver som skal ligge til leiinga i etaten, slik at leiarar kan ha meir fokus på leiar gjerninga og mindre på forvaltning/saksbehandling. Organisert etaten slik at det er ein nestleiar som ivaretek leiar oppgåver ved fråvær.
5. Organisering og effektivisering av etaten.
6. Sikre at ein beheld tilsette

Viktige hendingar

Etaten har bært prega av høg aktivitet gjennom året. Vi har fått fleire nytilsette som krev opplæring og innføring i det arbeidsoppgåvene som skal utførast. Når det gjeld byggjesak ser vi at det er nokre fere byggjesøknader i år samanlikna med føre år.

1. VA-prosjekt sentrum er starta opp . Det er inngått kontrakt for desse arbeidene med Brødrene Dokken AS. Det er å samstundes inngått ein rammeavtale for VA arbeid med same firma. Ein rammeavtale skal sikre at det er tilgjengelig kapasitet for dei oppgåvene som kjem.
2. Planleggjing og prosjektering utviding Tyinkrysset Renseanlegg er starta. Målsetningen er at anlegget skal ha ein kapasitet etter ombygging som vil dekke dagen behov samstundes som ein har kapasitet til nokre fleire tilkoplingar
3. Planlegging og inngåelse av kontrakt for bygging av høgdebasseng Grøvtølen er gjor i løpet av året. Vang Bygg AS er kontrahert og arbeidene vil starta vår 2023
4. Rett før sommarferien fikk Vang kommune opplysningar om at Skutshorn blei det 10. høgtrisikobjektet i Norge. NVE sett i gan kontinuerlig overvaking av dette ila 2023. Vang kommune må på bakgrunn av dette endre bla planen om ombygging av Kommunehuset som vart planlagt opp-start etter sommarferien 2022. Det blei inngått kontrakt med valdresbygg om desse arbeidene men inntil overvaking og utarbeiding av nye planer er ferdig må opp-start utsettas.
5. Vang kommune har bestluta å tilsetje beredskapskoordinator i 100% stilling grunna dette. Statsforvalter har bevilga skjønnsmler fim Skutshorn på totalt kr. 800.000,-

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 255	2 931	2 653	-277	-10,4 %

8.3 Plan , oppmåling, kart og byggesak

Overordna mål

1. Langsiktige arealstrategiar skal byggje på overordna mål og strategiar for samfunns-utviklinga, og leggje føringar og rammer for arealplanlegging, utbygging og andre areal- og naturbruksspørsmål. Vang kommune vil vera restriktiv til nedbygging av dyrka mark. Der arealbehov kan løysast på alternative måtar, bør alternativ som ikkje rører dyrka mark som hovudregel veljast.

2. Dersom det er store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å bygge ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrking. Gode skogsbonitetar bør skjermast frå nedbygging, med oppfordring til aktiv skogsskjøtsel.

Gjennomførte oppgåver i 2022

Plan

1. Kommunedelplan for Naturmangfald - under utarbeiding
2. Temaplan vassmiljø og kommunalt vann og avløp. Oppstart - ut på anbod.
3. Mindre planendring på kdpl Tyinkrysset
4. Sti- og løypeplanen(Friluftslivets ferdselsårer) - under utarbeiding
5. Detaljregulering Bygdin - i prosess
6. Detaljregulering Fjellheim - i prosess
7. Detaljregulering Tyinkrysset alpin - i prosess
8. Detaljregulering Reikesteinsøddin - sluttbehandla
9. Detaljregulering Klukkarhaugen - i prosess
10. Detaljregulering Kvissyndin nord - i prosess
11. Detaljregulering Krøssvølhaugadn 2 - prosess
12. Detaljregulering Fløgstrøndheisen - i prosess
13. Detaljregulering Børrelia 3 - i prosess
14. Intern retningsline for tildeling av løyver etter motorferdsellova og nasjonal forskrift
15. Kommunegrensa i Raudalen mot Øystre Slidre
16. Nystuen planprogram(vedteke ikkje fastsett)
17. Fleire dispensasjonar, delings- og konsesjonssaker
18. Bruksendring fritidsbustader(relatert til straumstøtte)
19. Ajourføring av digital plandialog er sett i gang
20. VGIS og gjennomføring av fagdag plan
21. Digitalisering av planarkivet
22. Repr. i "Leva heile livet"
23. Repr. i "Folkehelseteamet"
24. Fjellskred Skutshorn - arbeidsgruppe
25. Deltake i Distriktssenteret sitt prosjekt om berekraft i distriktskommunar
26. Utarbeiding av høyringsinnspel til fleire regionale planar

Byggjesak

27. Etablere retningslinje for å fylje opp feil gjerdning av hytteeigedom og informere til hyggeeigarar gjennom hytteforeiningar
28. Ny saksbehandlar lagar plan for kompetanseheving og deltar på naudsynte kurs
29. Ein byggjesaksbehandlar har sagt opp og blir ersatta første kvartal 2023
30. Etaten har sett en nedgang i antall byggesaker siste året, og anser at dette dreier seg om større økonomisk usikkerhet samt at det er innført en byggestans i området Tyinkrysset

Kart og oppmåling

31. Ved innleie av landmålar styrke kapasitet fim sjukdom og auka etterspurnad
32. Sikra naudsynt kapasitet og kompetanse for føring av konsesjonsforhold i matrikkel
33. Sikra naudsynt kapasitet i ferie og ved anna fråvær ved innleie av oppmålingskonsulent

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 244	2 502	3 849	1 346	35,0 %

8.4 Drift kommunale anlegg

Beskriving av etaten

Verksemnda kommunale anlegg består av :

- Vaktmeistertjenester
- Vedlikeholdstjenester
- Drift og forvaltning av kommunale bygg

Starta og gjennomførte oppgåver 2022

1. Gjennomført anleggsarbeid Øyebakkin
2. Prosjektert og gjennomført anbudsutlysning Servicebygg Øyebakkin
3. Prosjektering og kostnadsanalyse ombygging av kommunehuset
4. Iverksatt etablering av elektronisk FDV system VBU som skal brukast som mal på andre kommunale bygg
5. Oppdatere og fylje opp planar for vedlikehold
6. Etablere vedlikehaldsplan for utandørs installasjonar som kommunen har ansvar for
7. Definere kva tiltak som må gjerast for å gjere avdelinga meir effektiv og ta ut gevinst etter omorganisering
8. Avklare om nokre av dei kommunale bustadene skal seljast
9. Asfaltere rundt Lund arbeidsbase
10. Opprusting av kjøkken Oppigarden og på Grindatun
11. Oppussing i hovudetasje Lund arbeidsbase

Kommunal eigedomsmasse:

I året som gikk vart det utført fleire oppgraderingar av kommunale leiligheter og bustader. Når me no er inne og tek oppgraderingar så er det meste total renovering.

Utvendig vedlikehold av bygg har fulgt oppsatt vedlikehaldsplan og der er me i rute. Dette gjelder tak og utv maling.

På skola som er den største eigendommen me har og som og er mykje brukt prøvar me å halde oppe nivået på vedlikehold, samt ta naudsynte reperasjonar snarast mogeleg slik at det ikkje vert moro å prøve gjera meir skade. Av større ting her så er det planlagt lakkering av gulvet i hallen no komande sumar.

Nybygg så har det vore full fokus på ferdigstilling av kyrkjebygget i Øye. Dette vil vera ferdig på vårparten i 2023 og kan då takast i bruk, noko som har vore særst etterlengta i mange år.

Kommunale vegar:

I år har det ikkje vore utført større arbeid etter dei kommunale vegane anna enn normalt vedlikehald. Det ligg inne i budsjettet for 23 at Gydavegen skal få ei naudsynt oppgradering som vil krevja ein del arbeid. Det vil og kanskje bli gjort noko arbeid etter kommunevegen i Grindaheim i samband med VA utbygginga som no foregår for fullt.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	13 572	11 747	9 170	-2 577	-28,1 %

8.5 Bustadfelt og tomter

Overordna mål

Tilretteleggje gjennom planarbeid og utbygging av infrastruktur tomter i både kommunal og privat regi, slik at Vang kommune kan vær eit attraktivt sted å etablere seg.

Påbegynte og fullførte oppgåver 2022

1. Byggefelt Ryfoss har blitt ferdigstilt, og klargjort for sal. det vart seld ei tomt i 2021 og ei tomt i 2022. Feltet blei ferdigstillt vår/sommer 2022 med asfalt og tilpynting av skråningar
2. Det er etablert ein salgsstrategi og førebudd ei marknadsføring av feltet i samarbeid med eigedomsmeklar
3. Det er seld ei tomt i Steintræet byggefelt
4. For å auke attraktiviteten på tomtene i Ryfoss blei det av kommunestyret vedteke ein rabatt på tomtepris ut 2022 på 50 %

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	49	-9	2 025	2 034	100,5 %

8.6 Vatn og Avløp

Etaten består av ein avdelingsleiar og tre driftsoperatørar.

Vi benytter og kommunens prosjektleder i våre infrastrukturprosjekt.

Overordna mål

Overordna mål

1. Levere nok vatn
2. Levere trygt vatn som ikkje fører til sjukdom
3. Vassforsyninga skal vere stabil og sikker
4. Vassverka skal oppfylle gjeldande lover og reglar
5. Vassforsyninga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
6. Kloakkreinseanlegga skal oppfylle gjeldande lover og reglar
7. Kloakkreinseanlegga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
8. Reinseanlegga skal drivast jamfør utsleppskrav

Starta og fullførte oppgåver 2022

1. Anbudskonkurranse for rammeavtale for anleggsarbeider har blitt gjennomført. Brødrene Dokken As vant konkurransen.
2. Grunneieravtaler for prosjekt 313 Rammeplan VA Vang sentrum er ferdigstilt i øst og noen arbeider gjenstår i vest.
3. Prosjekt 313 Rammeplan VA Vang sentrum har startet opp i øst.
4. Grøvtølen høydebasseng har blitt regulert inn i kommunedelplan Tyinkrysset. Detaljprosjektering er i slutfasen og tentativt ferdig til påsken 2023.
5. Innført tilknyttingspause for Tyinkrysset renseanlegg innanfor kommunedelplan Tyinkrysset. Detaljprosjektering av nytt renseanlegg er gitt til Norconsult. Detaljprosjektering ferdigstilt mai 2023 og nytt renseanlegg ferdigstilt uke 4 2024.
6. Innført redusert tilknyttingsavgift og tilskuddsordning for nye abonnentar i Vang sentrum.
7. Anbudskonkurransegrunnlag for temaplan vannmiljø og hovedplan vann og avløp utarbeidet. Anbudskonkurranse ligger ute og tilbudsfrist satt til over påske 2023. Plan skal være ferdigstilt til august 2024 og vil være et viktig verktøy for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel.
8. Har prøvd å lyse ut stillingsannonser for å få mer kapasitet innenfor vann og avløp. Hittil har det vært uten resultat.

Spreitt avløp

1. Iverksatt oppdatering av informasjon i KomTek, etter overføring av data på eksisterande anlegg frå VKR
2. Starta etablering av rutine for fortløpande registrering av nye anlegg
3. Utgreia og planlagt korleis vi kan få kapasitet til å føre tilsyn med spreitt avløp og fylje opp saker om forureining

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-5 584	-6 492	-10 285	-3 792	-36,9 %

8.7 Landbruk

Beskriving av etaten

Landbruksforvaltningen har i 2022 1,8 stillingsheimel fordelt på 2 personar.

Overordna mål

Avklara viktig heten ved å oppretthalde dagens servicetilbodet innanfor landbruksforvaltninga. Viktig at lærings har ein kommunal støtteresurs. Fullmakt gjeitt til Vestre Slidre som settekommune for søknadsbehandling ved inhabilitet Starta planlegging revidering landbruksplanen Bistått gardbrukarar i rettleiing i dei ulike tilskottsordningane

Vang kommune skal leggje til rette for eit fortsatt aktivt landbruk, med særlig vekt på landbruk som hovudnæring i Vang. Det skal og leggjast vekt på kulturlandskap og lokal byggjeskikk, busetting, utmarksressursar, lokal ressursutnytting og vidareforedling, stølsdrift og næringskombinasjonar.

Naturforvaltning

1. Nært samarbeide med og støtte driftsplanlaget for hjortevilt i arbeid med bestandsplaner som skal reviderast i 2022
2. Starta revidering av målsetjingane for hjortevilt i Vang kommune
3. Starta etablering kommunedelplan for naturmangfald – hente inn data, mellom anna samarbeide med driftsplanlaget om ny bestandplan for forvaltning av hjortevilt. Auka resursar er planlagt i 2022
4. Lage retningslinjer for handtering av nye reglar for motorferdsel i utmark
5. Oppretthalde ordninga for skotpremie
6. Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert

Utvalde resultat

Oversikt over aktiviteten for landbrukskontoret i 2022

Landbrukskontoret:

Tal pr. 01.10.2022. 2021 i parantes:

Mjølkebruk	29 (31)	Mjølkekyr	541 (560)
Bruk med andre storfe	45 (46)	Andre storfe	1149 (1153)
Bruk med ammekyr	14 (14)	Ammekyr	184 (166)
Bruk med sau	37 (37)	Vinterfora sau	2636 (2690)
Bruk med mjølkegeiter	5 (5)	Mjølkegeiter	631 (623)

- 1 kjøpte privat mjølkekvote i 2022 til saman 38396 liter kyrmjølk.
- Ein selde mjølkekvota for kyr i 2022.

Kommunen har behandla følgjande saker i 2022:

96 søknad om produksjonstilskott og tilskott til avløyning (100 søknader i 2021)
75 søknader om regionale miljøstilskott i landbruket (RMP) (84 søknader i 2021)

10 søknader om kommunalt tilskott til landbruks føremål
6 søknader til Innovasjon Norge- 3 tradisjonelle og 3 på tilleggsnæring
5 søknad Spesielle miljøtiltak i landbruket kulturlandskap (SMIL-ordninga)
8 søknader om sjukeavløysing og fødsel

1 søknad om drenering av vassjuk jord
4 søknader om konsesjon

Prosjektet om vegetasjonskartlegging som vart utført av NIBIO vart avslutta i 2022.

Skogoppsynet:

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar. I 2022 vart det avverka 136 m3 tømmer (2 430m3 i 2021) med ein bruttoverdi på 63 172 kr (650 657 kr i 2021).

Kommunen har i samarbeid med Vestre Slidre og skulen årleg arrangert skogdag for 5. klasse. Tema er om skogen gjennom ein naturstig og andre aktivitetar.

Det vart halde motorsagkurs for ungdom. Her deltok 6 ungdomar.

Viltforvaltning:

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioden 2022-2023.

- Tilsaman 5 jaktlag og ein grunneigar har melde seg ut av driftsplanlaget og fekk tildelt kvote direkte frå kommunen.
- I 2022 vart det felt 32 elgar av ei kvote på 47 og 57 hjortar av ei kvote på 82.
- Av fallvilt 2022 er det rapportert inn 13 tilfeller enten ved påkøyrslar, sjukdomar og skade, eller andre årsakar. Av desse var 4 elg, 2 hjort og 7 rådyr.

Reindrift:

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman. Filefjell har sumararbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret. Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren. Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin. Det vil seia at så mange som 14 000-14 500 rein beiter om sumaren i fjella i Vang kommune. Desse 3 reinlaga slaktar omtrent 6 000 rein, som utgjer 175-185 tonn med reinskjøtt kvart år.

Rovdyr:

Vang kommune har ansvaret for rovviltforvaltning og ansvar for å ha eit operativt skadefellingslag for rovvilt.

- I 2022 vart det ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko freda rovvilt.
- Vang kommune søkte for beitelaga midlar til forebyggjande tiltak mot rovviltskade og fekk tildelt kr. 15 000. Her vart det nytta kr 9035 til ekstra tilsyn med kadaverhund i Herredalen og Bygdin.
- Samla tap vart 301 av 7 525 slepte sau/lam (4 %). Normaltap ligg på mellom 2 og 3 % på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap.
- Det kommunale skadefellingslaget i Vang hadde 3 samlingar med skytetrening og gjennomgang av beredskapsplan ved akutte tiltak mot rovviltskade.
- Det vart halde 1 møter i rovviltutvalet i 2022. Her vart beredskapplanen for rovvilt revidert og gjennomgang av årets beitesesong.

Skotpremie:

Skotpremie for 2022 vart det utbetalt kr 5450 og det vart felt:

Kråke	ravn	skjære	Røyskat	Mink	Mår	Rev
23	0	19	0	0	0	9

Miljø:

Planstrategi 2020-2023 for Vang kommune vedteke den 10.09.2020 stadfestar tidspunkt for utarbeiding av nye kommunedelplanar.

- Kommunehuset vart sertifisert som Miljøfyrtårn.
- Etablering av ladestasjonar for el-bilar i kommunen vart ferdigstilt i 2022.
- Oppstart av kommunedelplan for naturmangfald vart sett i gang
- Arbeidet med retningsliner for motorferdsel i utmark i Vang vart ferdigstilt i desember 2022 og vedtate i kommunestyret i januar 2023.

Planar for 2023 er:

- Dialogmøter med faglaga
- Oppstart av Trygg bonde
- Fagdag ang lausdriftskrav for storfe
- Andre fagmøter i samarbeid med Vestre Slidre kommune
- Revidering av «Tiltaksstrategi for spesielle tiltak i jordbruket» (SMIL-midler)
- Revidering av Landbruksplan
- Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert og utstyrshenger
- Elgbeitetaksering i Vang

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 958	5 834	5 785	-49	-0,8 %


9 Finans –og kraftforvaltning

9.1 Finans

Frå og 2015 har lånegjelda vore aukande i kommunen. Samla lånegjeld pr 31.12.2022 er på 183,7 mill kr derav om lag 50 mill kr relatert til sjølvkostområde vatn og avløp.

Finansar i form av innskot så vel kortsiktig og langsiktig likvitet er pr 31.12.2022 innestående i bank.

Kommunen sitt finansreglement vil bli revidert og oppdatert i 2023. Kommunelevens §14-13 viser til kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko.



9.1.1 KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2021	Vang 2022	Etnedal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
Økonomi								
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	51,9 %	52,5 %	17,2 %	42,8 %	26,7 %	22,5 %	20,9 %	23,6 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	190 313	202 004	152 612	149 831	138 195	154 355	150 953	109 706
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	173 833	176 898	155 646	141 579	134 759	154 617	146 995	108 824
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	16,2 %	22,2 %	26,9 %	35,7 %	16,5 %	24,5 %	14,9 %	15,8 %
Frie inntekter i kroner per innbygger **)	68 030	65 316	68 442	67 372	65 019	65 421	69 869	64 527
Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter	75,6 %	63,0 %	78,1 %	104,1 %	109,0 %	69,3 %	101,9 %	111,8 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	14,8 %	15,2 %	1,7 %	6,0 %	4,3 %	0,6 %	3,0 %	1,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	124 576	116 398	74 694	134 781	130 012	99 568	107 643	90 178
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	65,5 %	57,6 %	48,9 %	90,0 %	94,1 %	64,5 %	71,3 %	82,2 %

*) Inflasjonsjustert med deflator


**) Justert for utgiftsbehov

9.2 Kraftforvaltning

Året 2022 munna ut med vesentlege meirinntekter innan kraftforvaltninga. Årsaka var knytt til høge kraftprisar og andre endring i prinsipp for overføring av gevinstar frå andelskrafta forvalta via Jotunkraft A/S.

Vang kommune får som vertskommune for tidlegare kraftutbyggingar inntekter definert som konsesjonsavgifter, rettigheter til å ta ut andels- og konsesjonskraft til sjølvkost for vidareasal.

Vidare vil dette også generere andre inntekter som til dømes naturressurskatt og eiedomskatt. Ein stor del av desse inntektene er påverka av kraftprisane i kraftmarknaden.



Fordeling av typer inntekter og eigarskap innan kraftsektoren :

Andel rettigheter knytt til konsesjonskraft 135,9 gWh (av dette er ca 45 gWh nytta)

